

Kulturminne i Masfjorden

*Her ligg våre aner.
Her er vi heime.*

2019-2027

Kulturminne i Masfjorden

SAMANDRAG

I første del av kulturminneplanen vert råmene for kulturminneforvaltninga i Norge gjennomgått. I del 2 er Masfjorden si historie skissert i grove trekk. Med utgangspunkt i historia er representative eller særmerka kulturminne i Masfjorden kartlagt - dei som er i ein slik teknisk stand at det er råd å sikre dei ei langsiktig forvaltning. Som ein del 3 er det utarbeida ein handlingsplan som legg føringar for korleis vi saman skal handtere kulturminna i Masfjorden framover.

FORORD

Omkring i Masfjorden står det bygg, anlegg og andre ting som har oppnådd ein høg alder – og som i meir eller mindre grad bær preg av det. Nokre har fått vedlikehald – andre ikkje. Mange er så redusert av tidens tann at dei nesten ikkje er til å finna igjen. Desse bygga og gjenstandane vart brukt i ei anna tid og gjerne på måtar som ikkje er like tenlege i dag. Likevel formidlar dei noko til oss – kunnskap om levd liv og verksemd – dei fortel vår historie. Dette er våre kulturminne.



Foto: T. Kallekleiv

Gamle ting i vårt nærmiljø kommuniserer med oss. Dei fortel oss noko om våre aner - om oss sjølv - om kven vi er og kor vi kom frå. Vi kjenner ei tilknytning.

I gamle ting finn vi også kunnskap om korleis vi løyste daglege utfordringar i «gamle dagar». Kanskje nyttige tips som framleis er nyttige?

Kong Harald V sa m.a. følgjande i sin nyttårstale for 2018:

«Landet vårt er fra gammelt av bygget på sterk vilje til overlevelse og selvstendighet. Jeg tror naturen og historien vår har formet oss som folk.»

Vi må ikke glemme historien vår - ellers kan vi komme til å skusle bort frihetene og fremskrittene vi møysommelig har opparbeidet.»

Ein fransk filosof med namnet Simone Weil sa det slik: «Kjenner ein ikkje fortida, så forstår ein ikkje notida, og då eignar ein seg ikkje til å forme framtida».

FORMÅL

Med kulturminneplanen ønskjer Masfjorden kommune å aktivere kulturminna som ressurs. Håpet er at kulturminna i større grad og meir «levande» skal kunna bidra som ein verdi – både for innbyggjarane våre og for besøkjande.

Samtidig ønskjer me at planen skal bidra til at vi får ei meir berekraftig forvaltning av dei viktigaste kulturminne våre – i samarbeid mellom offentleg forvaltning og private aktørar.




Vår historie og våre kulturminne gjev meining og innhald på fleire måtar. Tenkjer vi over i kva grad kulturminna har ein verdi for oss i dag?

Kulturminne som ikkje får nødvendig vedlikehald vil naturlegvis forfalle og forsvinne – og dei fleste lyt kanskje få lov til det. Når ein bygning ikkje lenger har ein bruksverdi eller økonomisk verdi så fell gjerne utgangspunktet for vedlikehald bort. Kvifor skal vi ta vare på noko vi ikkje har bruk for lenger? Vi kan heller ikkje ta vare på alt vi finn av kulturminne. Det er uforsvarleg både praktisk, økonomisk og etisk fordi det er mange andre viktige samfunnsoppgåver som krev store ressursar. Likevel står vi ved eit vegskilje i Masfjorden. Kulturminna våre frå nyare tid – d.v.s. frå etter middelalderen (ca. år 1500) er i ferd med å forsvinne for godt. Dei fleste som vart registrert på -talet (SEFRAK) er anten borte eller i kraftig forfall. Skal vi ta vare på noko av det som enno finst så må vi handle raskt. Så kjem sjølv sagt spørsmåla:

MOLLANDSKVERNA - PRINSIPPSKISSE

- 1) Teina
- 2) Skoen
- 3) Skaketeinen
- 4) Kvernaugget
- 5) Oversteinen
- 6) Understeinen
- 7) Kvernbenken
- 8) Sigle
- 9) Grøtta
- 10) Spønillen
- 11) Kvernkallen
- 12) Skovlane
- 13) Piken
- 14) Padda
- 15) Slåket
- 16) Stalltreet
- 17) Lettetreet
- 18) Kila



Kjelde: Fylkeskonservatoren i Hordaland

Kva skal vi ta vare på? – kven skal gjera det, og kva vil dette koste? Kva interesse og engasjement har eigar sjølv i kulturminnet ho/han eig? Skal vi få på plass ei berekraftig forvaltning av dei viktigaste kulturminna våre er vi avhengig av eigar sin motivasjon - og vi er avhengig av eit godt samarbeid mellom offentleg forvaltning og det private engasjementet.



Foto: T. Kallekleiv



Foto: T. Kallekleiv

Mollandskverna. På bildet til høgre ser vi kvernkallen og litt av slåket som er i ferd med å falle saman.

Organisering og medverknad

Det har vore ei tverfagleg arbeidsgruppe som har koordinert og jobba med planprosessen. Terje Kallekleiv jobba med kulturminneplanen fram til 2020, mens Gaute Fitje Sleire jobba med planen sidan, saman med Sveinung Toft, Rita Ludvigsen, Ottar Myrtveit og Frank Kvinge. Planprosessen har vert open og inkluderande. Me har lagt ut planen til offentlig ettersyn med ein høyringsperiode på 6 veker, og alle merknadar har blitt vurdert. Fylkeskommunen sine merknadar er gjennomført. Det gjeld blant anna å kategorisere kulturminna, vurdere verneverdien, byrje på handlingsplanen og ønske om å følge opp kulturminneplanen i ettertid.

Etter merknadar frå innbyggjarane har me blant anna tatt med reiskapssamlinga på stølen ved Indre Haugsdal, som er eit gardsmuseum ved Kjetland. I tillegg har me tatt med setrane i Kjetlandskupa, samling av båtar på Kvingo og Totlandsdalen og Troalsamlinga til Olav S. Trodal. Elles er det retta på teksten og lagt til fleire kjelder.

Rullering

Rullering av kulturminneplanen vil skje jevnleg for registrering av kulturminne og kva som høyrar til i kva verneklasse. Handlingsplanen vil bli vurdert i kommunen sitt budsjett og økonomiplan årleg.

INNHALD:

DEL 1. RÅMENE FOR KULTURMINNE FORVALTNINGA.....	S.7
1.1 Kva kan vi kalle kulturminne?.....	S.7
1.2 Nytte og verdi.....	S.7
1.2.1 Privat verdi – Samfunnsverdi.....	S.7-8
1.2.2 Verdimål.....	S.9-11
1.3 Kulturminne som blir borte.....	S.12
1.4 Forklaring av kriteria som kjenneteiknar kulturminna.....	S.13
1.5 Kulturminne inndelt i klassar.....	S.14
1.6 Grunngeving for verdivurdering – verdivekting.....	S.15-16
1.7 Verkemiddel i forvaltninga.....	S.17
1.8 Retningslinjer for verneklassane.....	S.17
1.6.1 Freding av kulturminne.....	S.18-19
1.6.2 Registrering av kulturminne.....	S.19
1.6.3 Økonomisk støtte.....	S.20
DEL 2. KULTURMINNE I MASFJORDEN.....	S.21
2.1 Masfjorden si historie i grove trekk.....	S.21-25
2.2 Litt om byggskikk og materealbruk.....	S.25
2.3 Representative og særigna kulturminne som representerer vår historie.....	S.26
2.4 Informasjon om SEFRAK registreringane i Masfjorden kommune.....	S.26
2.5 Tamreinsdrifta i Matrefjella.....	S.26
2.6 Stølsområder og seterbuar.....	S.28-39
2.7 Husmannsplassar.....	S.40-43
2.8 Sjøbruksmiljø.....	S.44-50
2.9 Tekniske og industrielle kulturminne.....	S.51-66
2.10 Forsvars- og krigsminner.....	S.67-68
2.11 Skular og forsamlingar.....	S.69-71
2.12 Buar.....	S.72-73
2.13 Kyrkjer og kyrskjegardar.....	S.74-77
2.14 Samferdselshistorie /ferdselsveggar.....	S.78-79

2.15 Kulturminne frå eldre tider.....S.80-81

DEL 3. HANDLINGSPLAN.....S.82

Kjelder og litteratur.....S.83

DEL 1. RÅMENE FOR KULTURMINNE FORVALTNINGA

1.1 Kva kan vi kalle kulturminne?

Dei fleste tenkjer på kulturminne som ting frå gamle dagar – og har gjerne blitt opplyst om at dette er ting vi bør ta vare på. Vi kan gjerne lese i avisa at ein gamal bygning, eit anlegg eller lausøyre vert beskrive som verneverdig, historisk eller «freda» - men kva betyr det? Kan ein freda bygning byggjast ut, byggjast om eller flyttast om den står i vegen? Kan ein slik bygning brukast til andre formål enn det den vart bygd for? Skal vi ta vare på ting vi faktisk ikkje har bruk for lenger? Kva er egentleg eit kulturminne?

I kulturminnelova §2 frå 1978 blir kulturminne definert omtrent slik:

1.2 Nytte og verdi

1.2.1 Privat verdi – Samfunnsverdi

Vi har vore litt inne på verdien av kulturminne – men nokon vil kanskje likevel meine: «*Javel – men er det nødvendig å ta vare på alt dette gamle? - er det ikkje mest skrot? Det er vel meir nyttige ting vi kan bruke pengar på?*»

I formålsparagrafen til lova vert det sagt litt om verdien av kulturminne:

§1: «Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet.»

Her står det noko om arv, identitet, sjølvforståing, opplevingar og trivsel. Vi går litt nærare inn på dette med verdi og nytte - som jo er det logiske utgangspunktet for å ha ei aktiv kulturminneforvaltning og argumentasjonen bak kvifor vi skal ta vare på noko av det gamle. No er det ikkje slik at høg alder automatisk betyr at høg verneverdi – sjølv om det ofte er eit vesentleg kriterium. Det er gjerne fleire kriterier som må oppfyllest.

Kulturminne er eit samleomgrep for alle spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet. Det inkluderer lokalitetar knytt til historiske hendingar, tru eller tradisjon. «Kulturmiljø» blir definert som eit område kor kulturminne inngår som del av ein større samanheng.

Ein kan skilje mellom immaterielle og materielle kulturminne. Stadnamn, handverkstradisjonar, musikk, segn og myter er eksemplar på immaterielle kulturminne. Kulturminnelova handlar først og fremst om materielle kulturminne - d.v.s. handfaste objekt. Desse kan gjerne delast i faste kulturminne som bygningar og anlegg - og lause gjenstandar. I kulturminneplanen for Masfjorden tek vi for oss våre faste kulturminne.

For at eit objekt skal ha verneverdi bør det vera representert av fleire av følgjande kriterier:

- Alder
- Representativ for området
- Teknisk tilstand
- Sjeldan
- Spesiell kulturhistorie
- Del av eit miljø
- Ålmenn tilgjenge

Rekkefølga er her tilfeldig og viser ingen rangering av kva kriteria som viktig og mindre viktig.

Personleg verdi / Samfunnsverdi

Dei fleste vil vera samd i at det er ingen rimeleg fornuft i å ta vare på gamalt skrap. Derimot tek vi gjerne vare på ting som betyr noko for oss - som er til nytte eller glede, som har ein reell økonomisk verdi eller som kan gje ei økonomisk avkastning. Gjenstanden har då ein privat eller personleg verdi – for så vidt uavhengig av sin kulturhistoriske verdi.

Det er logisk at ein eigar som har personleg interesse i eigedom sin også har ei interesse i å ta vare på eigedom så lenge den tilfører eigar ein

form for verdi eller glede. Det er først og fremst når eigeninteressa ikkje er der at vi har ei utfordring i forhold til vern fordi motivasjonen til å bevare objektet ikkje er like opplagt.

Verdien av eit kulturminne har veldig ofte ein **privat karakter** fordi kulturminnet er eigd av nokon – ein eigar som har ei interesse i å vedlikehalde objektet så lenge objektet representerer ein personlig verdi. Det er jo ofte det som er årsaka til at objektet framleis eksisterer. Dette kan t.d. vera affeksjonsverdi eller leigeinntekt frå utleige av ein bygning. Eit objekt kan også framleis vera til bruksnytte – t.d. eit gammalt naust.

Med ei privat interesse for eit kulturminne er det mogleg å setje eit kronebeløp som mål for verdi. Det blir likevel å avgrense verdien til ein marknadsværdi som ikkje nødvendigvis sei så mykje om kva kulturhistorisk verdi objektet har. Slik er det også om ein ønskjer å forsikre slike objekt – ein får berre forsikra gjenstanden til ein marknadsværdi. Det er heller ikkje så enkelt å skulle verdsetje affeksjonsverdi eller historisk verdi i eit pengebeløp.

Kulturminne representerer også ein fellesverdi - eller **samfunnsverdi**. Kulturminna formidlar historie. Dei formidlar kunnskap om levesett, arbeidsliv, metodar og tenkemåtar fleire hundre år tilbake. Ein slik verdi er vanskeleg å måle i kroner.

Som fellesverdi er kulturminna ofte vanskelegare å bevare - kanskje fordi engasjementet ikkje er like personleg? Kulturminne har gjerne ei almen interesse og sin kulturhistoriske verdi uavhengig av om gjenstanden har ein privatøkonomisk og personleg verdi. Men det er ikkje like opplagt at verdiane blir sikra for ettertida. Slik er det gjerne også med andre samfunnsverdiar som ikkje opplagt har ein marknadsværdi – t.d. verdien av landskap, natur, dyr- og planteliv - eller frisk luft - verdien av enkelte offentlege tenester eller deler av forskinga. Vi kan ikkje lese av ein konkret nytteverdi her og no. Likevel er dette ressursar som er viktige for samfunnet – men der den totale verdien kan fordelast på uendeleg mange.

Oppfatninga av verdi vil sjølvsagt variere - men dei fleste vil vel meine at summen av verdi for alle andre - la oss sei for rein luft - er mykje større for alle samla enn verdien er for ein sjølv isolert - og at eige ansvar for å ta vare på verdien difor vert relativt liten.

Det er ikkje unormalt eller umoralsk å tenkje slik - det er menneskeleg - men resultatet er ofte at ingen tek tilstrekkeleg ansvar for å forvalte fellesverdien. Nokon må difor sjå og verdsetje slike verdiar for oss alle – og slik representere samfunnsansvaret på vegne av oss alle for å forvalte verdien.



Foto: T. Kallekleiv

Litt å ta tak i her, men er det for seint?

1.2.2 Verdimål

HISTORIE OG KUNNSKAP

Kulturminne formidlar kunnskap om kvardagsliv og korleis våre forfedrar løyste sine praktiske utfordringar. Kulturminne formidlar også kunnskap om våre eigne – vi har jo alle røter tilbake i tida. Dei erfaringar og den kunnskap våre forfedrar tileigna seg er ein ressurs kan vi dra nytte av i dag. Denne kunnskapen kan også fortelje oss korleis vi ikkje skal gå fram fordi tidlegare erfaring viste at då gjekk det galt. På ein måte kan vi sei det slik at

fortida er til stade i notida, og at den er med på å forme framtida. Kulturminna formidlar slik både historie og kunnskap - og slik sett kan det kanskje hevdast at utan historia og kunnskap blir kulturminna meningslause.

Historie og kunnskap er ein verdi som ikkje opplagt vil motivere til nødvendig vedlikehald fordi eigar ikkje så ofte ser ei stor interesse i det (sjølv om det sjølv sagt finst unntak). Likevel er dette fellesverdiar for lokalmiljø og for samfunnet. Å sikre verdiar som isolert handlar om historie og kunnskap vil difor normalt krevje eit offentleg engasjement.

Foto: T. Kallekleiv



Ådnekvamsetra. Kunnskap i murarbeid kjem til nytte i dag også. Flott arbeid!

BRUKSVERDI / ØKONOMISK VERDI

Ein tenkjer gjerne at økonomisk verdi først og fremst handlar om turisme. Direkte ved at tilreisande gjev inntekter i form av billettinntekter, og indirekte ved at turistar vil ha behov for andre produkt og tenester i eit lokalsamfunn - som overnatting, bevertning og kjøp av varer. Ein kan kanskje også tenkje seg at det å bu i eller nær eit kulturmiljø kan gje utslag i auka verdi på bustad/eigedom.

Bygningar, gammalt utstyr og gjenstandar kan sjølv sagt også brukast til nye formål når det gjev nytte - t.d. bygningar, møblar, verktøy, smykke,

bunader etc. Kan ein leige ut ein eldre bygning så får ein også ei direkte inntekt.

For at eit gammalt objekt skal ha ein nytteverdi eller økonomisk verdi i dag kan det hende ein må ruste opp og tilpasse objektet til den kvalitet som blir etterspurt. Å leige ut ein gamal bustad utan rimeleg oppdaterte fasilitetar som dusj, vassklosett, funksjonelt kjøkken etc. er vel heller vanskeleg.

Eit kulturminne som har ein økonomisk verdi eller ein bruksverdi vil vera sikra eit visst vedlikehald fordi mottakar av verdien finn motivasjon i å ta vare på objektet som produserer verdien.

Det kan likevel vera ei utfordring at det vert retta for mykje fokus mot kva utbytte objektet kan gje –

og mindre mot dei andre verdimåla objektet representerer. Her ligg difor ein risiko for at ei marknadstilpassing av objektet - med den hensikt å auke utbytteverdien - kan svekke den kulturhistoriske verdien.

Er avkastninga låg er det også naturleg å tenkje at vedlikehaldet blir tilpassa det utbytte objektet gjev - og ikkje nødvendigvis den kulturhistoriske

IDENTITET OG SJØLVFORSTÅING

Kven er eg – og kor høyrer eg til? Alle stiller seg vel slike spørsmål i løpet av livet. I ei verd der ting skjer raskt og uoversiktleg - der vi kontinuerlig blir utsett for veldige mengder med informasjon frå alle kantar - om kva som er viktig og mindre viktig -

verdien objektet har. Det ikkje sikkert at vedlikehaldet då blir tilstrekkeleg – og at forfallet etter kvart blir større enn vedlikehaldet.

Likevel må vi sjå bruksverdi eller økonomisk verdi som eit klart positive element i bevaringsarbeidet – ei «gulrot» som skaper engasjement og motiverer til bevaring.

om mote, om ulike kulturar, levevis, styresett og livssyn. Då treng vi kanskje meir enn nokon gong eit fofeste heime - ei tilknytning som definerer oss, som stadfester kven vi er og kor vi høyrer til. Lokal kulturhistorie er viktig for vår forståing av oss sjølv.



Lokal identitet bidreg til trivsel, velvære og harmoni – ei kjensle av stabilitet, kontinuitet og tryggleik. Dette er viktige byggjeklossar i eit lokalsamfunn.

Det ligg eit stort potensiale i kulturminna i høve til utvikling av våre lokalmiljø – til ny busetnad og næringsaktivitet. Vi skulle kanskje vore flinkare til å hente ut denne verdien? Det ligg logikk i at distrikts-kommunar prøver å stimulere utflytta ungdom til å flytte tilbake til heimkommunen etter at dei er ferdig med vidareutdanning. I kva grad det er ein god strategi er kanskje ikkje godt dokumentert, men å tenkje at ei kjensle av «å høyre til» vil auke sjansen for at ein blir bufast er naturleg.

SOSIAL FUNKSJON

Sosial verdi tek utgangspunkt i dei andre perspektiva vi har brukt for å verdsetje kulturminna, men her er det ikkje så mykje objektet i seg sjølv som er det vesentlege. Verdien ligg meir i det sosiale fellesskap og den sosiale identitet kulturminne eller kulturmiljø bidreg til å byggje.

Verdimålet «Identitet og sjølvforståing» vert oppfatta ulikt. Nokon er sterkt knytt til heimbygda si – andre mindre. Når det gjeld motivasjon til å ta vare på kulturminne med utgangspunkt i ein sosial funksjon så kan ein nok finne mange som kunne tenkje seg å bidra, men det må gjerne organiserast – t.d. av grendelag eller velforeining. Dette kan m.a. gjerast gjennom dugnad, loddsal etc. Den kulturhistoriske verdien må også kommuniserast slik at folk reelt reflekterer rundt dei verdiane som faktisk finst i lokalmiljøet. Ofte ser ein ikkje kva kulturhistorisk verdi ein har i sitt eige nærmiljø – eller kva potensiale som ligg i denne resursen. Ein tek objekta som sjølv sagt – dei har jo «alltid vore der». Vi blir blinde for den faktiske verdien vi har.

Vi definerer oss sjølv som ein del av fellesskapet fordi vi har ein felles kulturhistorisk identitet vi kjenner oss knytt til. Det gjev oss råmer, tryggleik og ei kjensle av å høyre til slik vi har vore inne på før. Identitet, tryggleig og stabilitet er viktig for oss.



Foto: T. Kallekleiv

Solheim kyrkje

AFFEKSJONSVERDI

Affeksjonsverdi er ein ikkje-økonomisk verdi på egedelar som har stor kjensleverdi for nokon - gjerne knytt til egne forfedrar. Typiske egedelar med stor affeksjonsverdi er bilde, bunader, dåpskjolar, arvesmykke, møblar etc. Radioen til bestefar kan slik ha stor verdi for eit barnebarn, sjølv om den kanskje ikkje fungerer, og andre ville vurdere radioen som skrot. Affeksjonsverdi er nært knytt til identitet og sjølvforståing.

Affeksjonsverdi gjev oss ein personleg motivasjon til å ta vare på gjenstandar som ikkje nødvendigvis har ein økonomisk verdi eller bruksverdi fordi ein har ein gjenstand som gjev positive kjensler - som fungerer som ein slags kontakt til menneske eller stader som betyr mykje for oss.

Gjenstandar som har både ein økonomisk verdi og ein affeksjonsverdi representerer ofte ein stor personleg verdi. Gjenstanden vil i utgangspunktet vera godt rusta mot forfall fordi eigar har stor interesse av å ta vare på gjenstanden.

Å vera bevisst det faktum at kulturminne og kulturmiljø kan representera ein sosial ressurs er viktig å ha med seg i utviklinga av lokalsamfunna. Dette er ei tilnærming som heilt klart har vore undervurdert, og bør få meir fokus i offentleg planlegging/forvaltning. Størst effekt får ein gjerne dersom ein klarar å engasjere og samarbeide med lokale krefter som vèl-foreiningar, grendelag, FAU og liknande.

Kulturminne/miljø treng ikkje nødvendigvis vera veldig gamle eller unike for å ha ein sosial verdi – det sentrale er at ein felles kulturell identitet blir utgangspunkt for ei sosialt fellesskap.

Det er også slik at nyare kulturminne etter kvart vert gamle. Dersom kulturminnet får ein sentralt plass i lokalmiljøet vil det også få større omsut og vedlikehald fordi objektet blir brukt og sett. Dette kan t.d. vera forsamlingslokale som ungdomshus, kyrkjer, butikk/kafè – eller naustmiljø, setermiljø etc.

Ei kartlegging av objekt eller miljø som representerer ein sosial verdi bør difor alltid inngå i planarbeid etter plan- og bygningslova (Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplaner). Kulturminne kan nemleg ha betydeleg potensiale som gode «grunnsteinar» i utviklinga av lokalsamfunn.

Når det gjeld motivasjon til bevaring for ein sosial funksjon så handlar det mykje om det same som under punktet om identitet og sjølvforståing.



Verdi handlar ikkje alltid om pengeverdi

Kulturminna har altså verdi for oss – sjølv om det er i ulik grad og med ulik prioritering av verdimål. **Kulturminne og kulturmiljø er kjelder til historie - til kunnskap og erfaring. Dei er ei felles arv og har ein samfunnsverdi om kan gje oss grunnlag for utvikling og verdiskaping både kulturelt, sosialt og økonomisk. Utan ei bevisst forvaltning vil vi miste den verdien kulturminna representerer.**

1.3 Kulturminne som blir borte

Mange kulturminne i Norge er i forfall – også i Masfjorden. Slik er det med alle ting som ikkje får tilstrekkeleg vedlikehald. Kulturminne som ikkje har privat interesse vil raskt forsvinne om ingen andre tek nødvendige grep. Nokre få er godt vedlikehaldne av eigarar med ei særleg interesse - og med litt offentleg støtte. Mange er generelt i dårleg forfatning og det hastar difor med å få kartlagt kva som enno finst av verdier - og deretter avgjera kva vi skal gjera med desse verdiane. Spørsmålet er kva for kulturminne som bør sikrast- kva føresetnader skal leggjast til grunn for å velje ut dei kulturminna vi skal forvalte aktivt?

Verdimåla er sjølvsagt viktige parameter, men vi kan ikkje ta vare på alt – noko vi tidlegare har vore inne på.

- Økonomisk verdi, bruksverdi og affeksjonsverdi vil ha privat interesse – og vil til ein viss grad vera sikra bevaring
- Samfunnsverdiar/fellesverdiar

Vi får stadig nye kulturminne etter som tida går og vi kan ikkje ta vare på alt. Det er også ein del kulturminne som ikkje er med i planen endå. Vi er nøydd til å velje ut dei objekta som vi oppfattar har størst verdi for oss, og treng då kriterier som er eigna til å sile ut dei kulturminna som har størst verdi – noko vi var inne på under kapittelet om nytte og verdi. Kva kulturminne vi skal ta vare på og kva vi ikkje skal ta vare på vil vi velje ut frå blant anna **følgjande kriterier:**




Foto: T. Kallekleiv

Utelø på Edne - Sørkvingevatnet

- Alder
- Representativ i området
- Sjeldan/unikt eller har ei spesiell kulturhistorie
- Lokalt forankra (særeigen for området)
- Teknisk tilstand
- Komplette miljø (Fleire element i ein naturleg samanheng).
- Ålmenn tilgjenge



Bilde: Bergen Sjøfartsmuseum

«Slippen» - Her har det tidlegare vert hamneområde på Sandes.

1.4 Forklaring av kriteria som kjenneteiknar eigenskapane til kulturminna

- **Alder:** Er kulturminnet meir enn 150 år gammalt, reknast det som høg alder for eit kulturminne. Grunnen er at det ikkje fins mange kulturminne igjen før 1850 åra, og dermed er det viktig at me tek vare på desse. Med mindre kulturminna er freda, er alder ofte ikkje nok for at eit kulturminne skal få stor verdi.
- **Autentisitet:** Er kulturminnet lite eller ikkje endra i det heile tatt, seier ein at kulturminnet har stor autentisitet. Då må kulturminnet framleis ha mykje av originalmaterialet. Om delar av ein bygning blir skifta ut, må det erstattast med same utforming og same type materiale for å behalde verdien. Ein må ofte sjå på autentisitet i samanheng med alder, men det er framleis ikkje alltid nok til å få stor verdi.
- **Samanheng og miljø:** Er kulturminnet plassert i eit område med mange andre kulturminner, kallar vi det eit kulturmiljø. Dette kan ofte ha stor verdi, men også kulturminner som spelar på lag med omgjevnadane og naturen kallar vi kulturmiljø som kan få stor verdi. Som enkeltobjekt har det kanskje ikkje så høg verdi, men kan likevel bli verdiful dersom da utgjer eller inngår i ein heilheit. Det er viktig at kulturmiljøa har hatt stor betydning for kommunen, og at det ikkje fins for mange av dei same.
- **Knytt til viktige hendingar eller personar:** Har viktige personar budd på eller brukt eit kulturminne, vil dette gje høg kulturminneverdi. Det som kanskje er meir relevant for vår kommune er viktige hendingar som har skjedd knytt opp mot kulturminnet.
- **Representativt:** Er det kulturminne som fortel noko om det som er typisk for vår kommune og historie, vil det få stor verdi.
- **Sjeldanheit:** At kulturminnet er sjeldan, vil gje stor verdi. Dette gjeld bygningar som alltid har vert sjeldne, men også bygningstypar som var vanleg før, men som det ikkje fins mange igjen av lenger.
- **Identitet og symbolverdi:** Ein del kulturminne er viktig for vår identitet og betyr mykje for oss.
- **Potensiale for bruk:** Om eit kulturminne blir tatt i bruk, er det ein god måte å ta vare på kulturminnet. Dette vil gi kulturminnet stor verdi
- **Plassering:** At eit kulturminne har god plassering, gjer at det kan få høgare verdi. Dette inneberer at kulturminnet er plassert der folk ferdast, og/eller at ein lett kan få god utsikt til kulturminnet på avstand.
- **Tilstand:** Tilstanden på kulturminnet gjer ikkje at det automatisk får stor verdi, men kan gjere det lettare å setje ein verdi dersom det fins mange like kulturminne. Da veljar ein det som er best bevart.

1.5 kulturminne inndelt i klassar

Å vurdere kulturminna gjennom ulike kriteria er viktig for å avgjere kva for ein verdi det vil få. Kommunen har avgrensa med ressursar, så gjennom å dele kulturminna inn i klassar, blir det meir oversiktleg, og ein veit betre kva for kulturminne ein skal prioritera. Kulturminna som har svært stor verdi er dei som me vil bli prioritert mest, men dette skal ikkje hindre private i ta vare på kulturminna som dei meiner er viktig.

Bygg og miljø som blir rekna som kulturminner kan få midlar til oppussing og restaurering.

I denne planen har me nytta tre ulike klassar, som representerer og gjer verdjar til kulturminna på ulike måtar:

- **Klasse A:** Kulturminne i klasse A har svært stor verdi. Dette omfattar kulturmiljø, men i nokre tilfelle kan enkeltbygg/objekt også kome med. I tillegg bør det ha høg alder, autentisitet, det bør vere få igjen og/eller knytt til viktige personar eller hendingar. Desse kulturminna bør få ei omsynssone fordi det er svært viktig at desse blir tatt vare på.
- **Klasse B:** Kulturminne i klasse B har stor verdi. Dette omfattar kulturminne som også omfattar kulturmiljø eller enkeltbygg/objekt som ein meiner har stor lokal verdi. Desse har stor samfunnsverdi og er ein verdifull del av omgjevnadane. Lokale bygningar som har lokale særpreg kjem i denne klassen. Sjøldne kulturmiljø og enkeltbygg bør få omsynssone.
- **Klasse C:** Kulturminne i klasse C har middels verdi. Dette omfattar kulturmiljø eller enkeltbygg/objekt som havnar i denne klassen dersom det originale kulturmiljøet er mykje endra eller lite originale bygningsdetaljar igjen. Kulturminne plasserast også her dersom det fins mange av same type, der eit fåtal av desse blir plassert i klasse A eller B dersom det er representativt.

Kjelde: Riksantikvarens veileder for verdisetting og verdivekting av kulturminner.



Husmannplass – Kvingo

1.6 Grunngeving for verdivurdering – verdivekting

Klasse A	Viktigaste grunngevinga	Verdisetjing	Sidetall	Verdi
2.Nørlandssetra	Særprega bygning, representativ, god stand	kunnskap	30	Svært stor
7. Ådnekvamsetra	Særprega bygning, representativ, god stand	Kunnskap	35	Svært stor
12.Husmannsplass på Sleirsholmen	Autentisk, alder, plassering, miljø, identitet	Oppleveling	41	Svært stor
16. Naust, Storevatnet (Andvik)	Tilhøyrar eit miljø av fleire naust, fortel historia om byggeskikk i området og kva nausta blei brukt til, autentisk	Kunnskap	46	Svært stor
17. Nothuset, Masfjordnes	Sjeldan i form av størrelse, autentisk, god plassering, god stand, bruk, historie	Oppleveling/bruk	47	Svært stor
21. Kvernhus, Hosteland	Alder, kulturmiljø, Autentisk, har blitt sjeldan.	Kunnskap	52	Svært stor
22. Sag- og kvernhusmiljø, Mollandseid	Alder, kulturmiljø, autentisk, god plassering	Kunnskap	53	Svært stor
23. Trevarefabrikk, Kvingo	Kulturmiljø, autentisk	Kunnskap	54	Svært stor
24. Mølle, Sør Kvingo	Alder, kulturmiljø, autentisk	Kunnskap	55	Svært stor
25. Kvern, Nord Kvingo	Alder, representativ, autentisk, god plassering	Kunnskap	56	Svært stor
26. Einestrand, gardsmiljø	Alder, autentisk, god plassering	Kunnskap	57	Svært stor
28. Smie, Nørland	Alder, autentisk, representativ	Kunnskap	59	Svært stor
29. Hommelfoss kraftstasjon	Autentisk, viktig historie for Masfjorden som kraftkommune og krigen	Kunnskap	60	Svært stor
30. Kvamsdal farger, Masfjordnes	Autentisk, god plassering, bra stand, er i bruk	Oppleveling/bruk	61	Svært stor
36. Bjørn West, Matre	Historie, viktige hendingar, identitet og symbolverdi, blir tatt i bruk, god plassering og god stand	Kunnskap/oppleveling/bruk	68	Svært stor
37.Skule, Sleire	Autentisk, historie, identitet, bruk, plassering	Kunnskap/oppleveling	70	Svært stor
41. Sandnes kyrkje	Alder, historie, autentisk, brukt, plassering, god stand	Kunnskap/bruk	76	Svært stor
44. Storsethilleren/»Matrehola»	Alder, historie, kulturkunnskap, viktige hendingar, god stand	Kunnskap	81	Svært stor

Klasse B	Viktigaste grunngevinga	Verdisetjing	Sidetall	Verdi
3. Høgestølen	Særprega bygning, representativ, god stand	Oppleveling	31	Stor
4. Andviksetra	Særprega bygning, representativ, god stand	Oppleveling	32	Stor
5. Duesundsetra	Alder, potensiale for bruk, representativ, god stand	Oppleveling	33	Stor
8. Sørkvingesetra	Representativ, god stand	Oppleveling	36	Stor
9. Kjetlandskupa	Alder, viktige hendingar, God stand	Kunnskap	37	Stor
10. Mosedalssetra				
11. Kringlebotnen				
13. Husmannplass, Matresøy	Alder, autentisk	Kunnskap	42	Stor
14. Grimhaugane Husmannplass				
15. Naust, Andvik	Alder, autentisk, Sjeldan i form av alder	Kunnskap	45	Stor
18. Naust, Nord Kvingo	Sjeldan i form av størrrelse og bruk, historie, autentisk	Oppleveling	48	Stor
19. Båtlager Totland og Kvingo			49	Stor
20. Jektnaust, Bergsvik				
27. Kraftverk, Nørland	Autentisk, viktig del av Masfjorden si historie	Oppleveling	58	Stor
31. Kjetland samlinga	Autentisk, mykje historie, god stand, plassering	Oppleveling/bruk	62	Stor
32. Trodalssamlinga				
33. Trodal sag				
34. Solheim sagbruk				
35. Kraftverk, Hope				
38. Matre hotell	Alder, historie, plassering, god stand	Kunnskap/oppleveling	71	Stor
39. Kjetland, bu			73	Stor
40. Frøyset kyrkje	Bruk, plassering, god stand	Bruk	75	Stor
42. Solheim kyrkje	Autentisk, er i bruk, plassering, god stand	Bruk	77	Stor
43.Kjetland bru	Autentisk, historie, plassering, bruk, god stand	Bruk/oppleveling	79	Stor

Klasse C	Verdi	Sidetall
1. Nordkvingesetra	Middels	29
6. Reknessetra	Middels	34

Andre kulturminner	Verdi
Bustadhus, Torsvikåsen	Liten
Gløvre kraftstasjon, Frøyset	Liten
Geiteflor, Molland	Liten
Kvern, Halsøy	Liten
Naust, Indre Haugsdal	Middels
Handelshus, Indre Haugsdal	Middels

1.7 Verkemiddel i forvaltninga

Ein konklusjon frå kapittelet om nytte og verdi er at objekt som har ein marknadsverdi gjerne vil vera sikra eit visst vedlikehald - uavhengig av kulturhistorisk verdi. Slik ligg det logikk i å prøve å gjera kulturhistoriske objekt attraktive for ein marknad. Då kan gjerne mykje vera gjort. Vi må likevel huske at dette må gjerast i samsvar med objektet sin kulturhistoriske verdi slik at den ikkje vert øydelagt.

Skal vi ta vare på eit objekt er vi avhengig av det personlege engasjementet frå eigar og lokalmiljø. Personleg og lokal interesse og motivasjon er ofte avgjerande for å lukkast. Finst det ikkje eit lokalt engasjementet så vil det ofte vise seg i form av eit dårleg vedlikehaldet over tid.

engasjementet så vil det ofte vise seg i form av eit dårleg vedlikehaldet over tid.

Offentleg forvaltning må også bidra for å sikre bevaring. Stat og kommune har eit opplagt ansvar for å forvalte samfunnet landet sine ressursar – særleg ressursar som ikkje har element av marknadsverdi. Forvaltninga kan m.a. bidra med:

- Registrere, kartlegge
- Organisere og planlegge
- Skape engasjement
- Bidra økonomisk



Gard - Torsvikåsen

1.8 retningslinjer for verneklassane

Etter Plan- og bygningslova § 11-9 etter eige lokale retningslinjer, er eller vert alle kulturminne i klasse A foreslått regulert til omsynssonar i kommuneplanen. Endringar i form av tilbygg og påbygg, ombygging, utskifting og tilbakeføring i klasse A krev førehandsgodkjenning frå kommunen.

Kulturminne i klasse B har også ein verdi, så derfor ønskjer me å ta vare på desse. Ved endringar bør det ligge ein vurdering før arbeidet kan starte, der kommunen får tilsendt så mykje dokumentasjon som mogleg om kulturminnet.

Kulturminne i klasse C bør me også prøve å ta vare på i størst mogleg grad, så ved endringar bør kommunen få uttale seg.

Omsynssoner betyr at ein skal vise omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av arealet jr. § 11-7 i plan- og bygningslova. Gjennom omsynssonar innfører kommunen rettslig bindande avgrensing – også for private – på bruken av et areal ut frå det omsynet som skal ivaretakast.

FREDING AV KULTURMINNE

På landsbasis er berre 1 prosent av alle bygningar frå før 1900 freda gjennom kulturminnelova. Det betyr at svært mange verdfulle kulturminner har eit behov for vern ved bruk av andre verkemidlar.



Kva betyr det at noko er freda?

Automatisk vern: Alle kulturminne datert før 1537 (reformasjonen) og alle ståande bygningar datert før 1650 er automatisk freda etter kulturminnelova §4. Det same gjeld samiske kulturminne eldre enn 100 år.

Gjennom vedtak: Bygg og anlegg som fell utanfor kriteriene for automatisk freding kan likevel fredast av Riksantikvaren gjennom eige vedtak. Også Fylkeskommunen har vedtaksmyndighet etter kulturminnelova. Då må først nokon fremja eit forslag om freding. Deretter blir det gjennomført ein omfattande prosess med høyring av forslag der alle rørte partar får sei si meining. Målet med freding er at eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal fredast både som del av vår kulturarv og identitet, og som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning.


At eit objekt blir freda – i.h.h.t lov eller vedtak - vert ikkje alltid automatisk applaudert av eigaren. Enkelte vil nok verdsetje å eige ein freda bygning og tenkje at det gjev ein meirverdi til eigedommen - eit slags kvalitetsstempel - men ei freding blir gjerne tinglyst som eit hefte på ein eigendom og inneber ei innskrenking av eigar sin råderett over bygningen eller anlegget som blir freda. Vanlig vedlikehald er ikkje ulovleg, men freding fører til at ein må søkje om løyve til å sette i gang alle typar tiltak ut over reint vedlikehald. Denne avgrensinga av råderett over eigen eigendom fører ikkje alltid til begeistring og entusiasme som er viktig for bevaringsarbeidet.

Det er få kulturminne som blir verna etter kulturminnelova. Bortsett frå kulturminne som er automatisk freda etter lova skjer freding på nasjonalt nivå og vil nyttast for kulturminne og kulturmiljø som har nasjonal verdi.

Kommunen: har ikkje høve til å freda kulturminne gjennom eige vedtak isolert sett, men kan med heimel i plan- og bygningslova gje verdfulle kulturminne eit formelt vern gjennom arealdelen i kommuneplanen plan med tilhøyrande retningslinjer eller i reguleringsplan med tilhøyrande føresegner. Kommunen kan også gje pålegg om utbetring med bevaringsverdi som grunngeving - dersom bevaringsverdi tidlegare er dokumentert (Pbl.§31-4) – og kommunen kan krevje stans i arbeid og bruk som ikkje er i samsvar med tidlegare vedtak.

Å freda eit kulturminne er eit passivt vern mot øydelegging og det er alltid behov for meir enn det. Det trengs ressursar til aktivt vedlikehald. Å bidra til eigar sitt engasjement er viktig. Rett nok kan eigar påleggjast vedlikehald av ein bygning i forfall med heimel i plan- og bygningslova - men ein kjem gjerne mykje lenger gjennom ein god dialog.

Foto: T. Kallekleiv



Storsethilleren på Matre – også kalla «Matrehola».

Eit naturleg skapt vern møt regn og vind. Her er det gjort arkeologiske funn med datering tilbake til eldre jernalder. Funna viser at helleren også vart nytta i mellomalderen og i nyare tid.

Erfaringa viser også paragrafar og vedtak er ikkje alltid er den ideelle tilnærminga for å sikre ei langsiktig forvaltning av kulturminne.

Offentleg forvaltning har sjeldan ressursar til å stå for bevaringsarbeidet åleine, men må gjerne ta eit hovudansvar. Det handlar om å ta nødvendige initiativ – og å etablere ein plattform for eit godt samarbeid med alle partar – evt. bidra økonomisk. Eit aktivt vern med positivt engasjerte aktørar er sentralt for å sikre ei berekraftig kulturminneforvaltning.

REGISTRERING AV KULTURMINNE


For å avdekke kva verdiar som finst er kartlegging og ei vurdering avgjerande.

SEFRAK

SEFRAK står for **S**ekretariatet **F**or **R**egistrering **A**v faste **K**ulturminner i Norge. Dette var ei landsomfattande registrering av Noregs eldre bygningsmasse og vart gjennomført i åra 1975 til 1995. Sekretariatet vart sidan lagt ned og arbeidet med vedlikehald av registeret vart overført til Riksantikvaren.

Ein registrerte bygningar og anlegg som vart bygd før år 1900. Registreringa vart gjort på bakgrunn av alder, men sei elles ikkje så mykje om bevaringsverdi og betyr heller ikkje at objekta har fått noko vern. Registrerte bygningar kan ha høy verneverdi, eller ingen verdi i det hele tatt. Registreringa fungerer meir som eit varsko om at kommunen bør ta ei

ASKELADDEN



Døra til kvernhuset - sør for Sagevatnet på Hosteland. Kverna er truleg bygd rundt år 1750.

vurdering av verneverdien før det eventuelt blir gitt løyve til å endre, flytte eller rive bygningen. Kulturminnelova §25 seier at ei vurdering av verneverdien må gjerast før søknad om endring eller rivning kan bli godkjent. Dette vert gjort av fylkeskommunen på bestilling frå kommunen som behandlar byggesøknaden.

Askeladden er den offisielle databasen til Riksantikvaren over freda kulturminne og kulturmiljø i Norge. Askeladden inneheld data om kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova, eller kulturminnefagleg vurdert som verneverdige. Basen er omfatta av arkeologiske kulturminne som er automatisk freda, eller som krev vidare undersøking før fredingsstatus kan fastsettest (uavklart vernestatus), nyare tids kulturminne som er freda, midlertidig freda, vernast etter plan- og bygningslova eller vurdert som verneverdige. «Nyare tids kulturminne» er definert som etterreformatoriske bygg, anlegg og kyrkjer (e.1537).

ØKONOMISK STØTTE

Økonomi er ofte ei utfordring for eigarar som viser interesse i å ta vare på gamle kulturminne. Vedlikehald av kulturminne gjerne ei større økonomisk belastning enn vedlikehald av andre bygg og anlegg fordi det gjerne er tale om spesialtilpassingar frå særleg handtverkarar. Offentlege instansar kan difor gje tilskot til istandsetting, sikring og skjøtsel.

- **Kommunen:**
 - Kommunen tildeler SMIL-tilskot på vegne av landbruksdirektoratet. Formålet med SMIL er å ivareta natur- og kulturminneverdiane i landbruket.
 - Regionale miljøtilskot i landbruket (RMP). Kommunen behandlar søknader.
- **Fylkeskommunen, Kultur og idrettsavd.**
 - Tilskot til vern og sikring av freda bygg og anlegg for å dekke meirkostnader til vedlikehald og istandsetjing.
 - Tilskot til kystkultur
 - Tilskot til freda og andre særlege verdfulle kulturmiljø og landskap
 - Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne
- **Riksantikvaren**
 - Gjev ulike tilskot til m.a. istandsetjing, sikring og vedlikehald av kulturminne.
- **Kulturminnefondet**
 - (Ein statleg tilskotsordning underlagt Klima- og miljøverndepartementet)
- **Fortidsminneforeningen**
- **UNI-Stiftelsen**
- **Sparebankstiftelsen**
- **Ulike private stiftingar og fond**



På stien til Grimhaugen husmannplass ligg denne flotte vegen

DEL 2. KULTURMINNE I MASFJORDEN

I samband med arbeidet med kulturminneplanen vart det gjort ei kartlegging og vurdering av aktuelle kulturminne i Masfjorden i 2018. Det vart ikkje funne bygg eller anlegg som er datert tilbake til før 1700-talet. Det er difor tida etter år 1700 som er mest interessant i dette planarbeidet. Det finst dokumentasjon på aktivitet i Masfjorden før dette, men det er helst lause gjenstandar som er funne etter utgravingar på særmerkte stader. Det er m.a. dokumentert korleis folk tidleg nytta seg av naturlege heller/holer til ly mot regn og vind. Desse hellene er det fleire av i Masfjorden og vi tek difor med den mest kjende av desse som er Storsethilleren eller «Matrehola» som ligg ved Matre. Her har ein dokumentert aktivitet tilbake til eldre jernalder.

2.1 Masfjorden si historie i grove trekk

Før utskiftingslova frå 1859 bestod bygdene på vestlandet i stor grad av større gardstun – med tilhøyrande teigblanding – noko vi framleis kan sjå t.d. på Havråtunet på Osterøy. Dette var tette lokalsamfunn der og jord- og arbeidsfellesskapet stod sterkt. Dei fleste klyngetuna var ikkje store, men dei største kunne minna litt om landsbyar frå Danmark og sørover i Europa. Ein samarbeida om mykje og løyste ulike utfordringar i fellesskap.

Ofte var teigane små og utkome lite. Ein måtte nytte seg av det jorda kunne gje. Frå slutten av 1600-talet gav stølsdrifta eit viktig tilskot til gardane i Masfjorden. Når dyra kunne finne mat på fjellet 4 månader av året er det klart at setrane var ein viktig ressurs. Den gongen var det mykje rovdyr i fjellet, og av og til kom det vel også framande forbi. Ved å byggje saman fleire sel skapa ein eit beskyttande fellesskap også i fjellet – samtidig som ein sparte på byggemateriala som det gjerne var lite av. Denne byggeskikken er eit særmerke i Masfjorden som vi framleis finn fleire døme på.


Foto: T. Kallekleiv



Andviksetra



Foto: T. Kallekleiv



Livet til bonden frå 1700-talet til 1900-talet var i vesentleg grad eit sjølvbergingsamfunn der ein produserte det meste av mat og kle sjølv – eller det ein kunne byte til seg av varer ein ikkje hadde høve til å produsere sjølv. Men skattertrykket frå futen var ei stor bær for mange. Skatten måtte betalast i reie pengar som dei berre kunne skaffa ved å selje ein del av overskotet frå gardsdrifta eller fisket. Å kalla levemåten eit sjølvbergingsamfunn er difor ikkje helt rett.



Foto: T. Kallekleiv

Duesundsetra

Hadde ein ei elv som kryssa eigedomen bygde ein gjerne vassdriven kvern for å få malt kornet til mjøl. Enkelte større gardar bygde også sag for å kunne halde seg med tømmer til eige bruk – og etter kvart også for å byte til seg andre varer. På byrjinga av 1600-talet kom det handelsfolk sjøvegen frå Skotland og Nederland og ville m.a. ha tømmer frå Masfjorden. Slik fekk nokre gardar ei ekstra innkome frå skogen.



Foto: T. Kallekleiv

Mollandskverna

Folk i Masfjorden livnærte seg ikkje berre av jorda. Dei fleste bruka hadde båt – også dei som budde ei stykke frå fjorden. I ein landsdel med mykje vanskeleg terreng og fjordar var båten det viktigaste framkomstmiddelet. For svært mange var båten og sjøen også ein del viktig av sjølvberginga. Slik kunne ein skaffa seg torsk, sei og sild – noko som var næringsrik matauk for folk. Etter kvar fekk ein meir innkome av fiske fordi ein fekk reiskap til å fiske opp meir enn det ein hadde bruk for sjølv – og fordi det fanst kjøpmenn i Bergen som organiserte handel langs kysten. No fekk fleire litt pengar i lomma. På 1800-talet var det mange bygdelag som deltok i vårsildefiske, og enno i dag finn me notebuer frå dette fisket i Masfjorden.



Vårsildefiske

Foto: Karmøy museum

Med folkevekst og aukande handel først på 1800-talet, og behov for større og meir spesialisert produksjon, var ikkje tradisjonell teigblanding og sameige av jord lenger ein lønsam måte å drive jorda på. I tillegg var teigane gjerne blitt små etter fleire omgangar med arv og medgift. Omlegginga frå sjølvberging til produksjon for sal, jordbruksteknologi og urbanisering var pådrivarar for ei meir rasjonell og effektiv gardsdrift. Det tvinga seg slik fram eit behov for ein jordreform tidleg på 1800-talet – ein jordreform som førte til at teigblandinga vart oppløyst på dei fleste gardane. Jorda blei samla i meir effektive einingar under kvar enkelt gard, der bonden sto fritt til å velje den driftsform han fant mest rasjonell.

Det gav ringverknader som viste seg både sosialt og i landskapet. I staden for spreidde åkerteigar og eng-teigar vakse det fram eit langt meir einsarta kulturlandskap med større samanhengande område som var dyrka, rydda for stein og gjerne inngjerda. Dei sosiale relasjonane endra seg også sidan dei nye enkeltståande tuna vart ein meir lukka og privat enn det gamle «landsbyfellesskapet». Landbruket gav no større innkome – som igjen førte til eit overskot som kunne investerast i betre utstyr. Fiske gav etter kvart gode inntekter og handelen auka.




Foto: T. Kallekleiv

Kvernstein frå mølla på Sørkvingo

Behovet for effektivisering og spesialisering gjorde næringslivet meir profesjonisert. Også i Masfjorden fann nokon von i å prøva. I mølla på Sørkvingo (bygd før 1850) fekk ein kverna mjøl om hausten. Her var òg sag i same bygningen og som var i bruk store deler av året. Her fekk bønder langveis frå malt kornet sitt, og dei kunne også få med seg bygge-material heimatt. På Sandnes kunne ein få farga garnet sitt i Kvamsdal fargereri frå 1868,



Foto: T. Kallekleiv

Kvamsdal fargereri på Sandnes

og på Nordkvingo står framleis trevare-fabrikken frå 1910 som først vart driven med vasskraft frå elva. Her laga dei møblar, vindauga, trekassar, river og mykje meir.

Under første del av 1900-talet var ein framleis i stor grad sjølvforsynt med mat og klede, men handel og utviklinga av industrien gjorde livet stadig lettare for folk. Ein selde deler av det ein produserte mest effektivt – og kunne kjøpe varer som andre produserte meir effektivt. Kommunikasjonen vart etter kvart betre – også på land. Det gjorde handelstrafikk enklare. Vegane vart betre – og ein bygde bruer for å krysse vanskelege elvefar.



Foto: T. Kallekleiv

Kjetland bru

Slike vegprosjekt var krevjande og ein hadde ikkje mykje utstyr å hjelpa seg med. Arbeidet vart alltid gjort av lokale krefter, men etter kvart fekk ein noko økonomisk støtte til arbeidet frå stat, kommune og amt.

Tidleg på 1900-talet kom også kraftproduksjonen i gong og Masfjorden var eit av dei første områda i landet der elektrisk kraft vart bygd ut i større målestokk.

I Andvik / Nørland står det framleis eit lite kraftverk frå den første tida det vart produsert elektrisk kraft. Kraftverket leverte straum til skulen i bygda.

Foto: T. Kallekleiv



Minikraftverk på Nørland


Foto: T. Kallekleiv



El-tavla i minikraftverket på Nørland

I Matre står Hommelfossen kraftstasjon – som var neste generasjon kraftstasjon – som kunne levere vesentleg meir straum. Kraftverket og rørgata stod ferdig allereie i 1919, men det var først i 1944 kraftproduksjonen kom i gang etter initiativ frå den tyske okkupasjonsmakta.

Foto: T. Kallekleiv



Hommelfossen kraftverk i Matre



Minnetavle ved Bjørn West museet i Matre

Ein viktig del av Masfjorden si nyare historie må vi også ta med. Nemleg dei hendingane som skjedde under 2. verdskrig – og innsatsen til motstandsgruppa Bjørn West som hadde base i Matrefjella. Etter krigen skipa soldatane foreininga Bjørn West. I 1993 vart dette museum.

2.2 Litt om byggjeskikk og materealbruk i Masfjorden

Korleis dei ulike bygga blei bygd, heng nøye saman med materealressursane ein hadde tilgjengeleg i området. I Masfjorden nytta ein relativt lite stein til bygging av bustadhus i forhold til andre plassar. Årsaken til dette er delvis på grunn av klimaet, og også at ein hadde meir tilgang til tømmer i forhold til andre kommunar. Det merkast når ein ser på dei fleste bygningstypane. Sjølv om Masfjorden er ein skogsbygd, brukte ein likevel stein der det fans for å spara på den store verdien som skogen representerte. Andre plassar har ein eksemplar på at heile løer blei bygd i stein, mens i Masfjorden har ein sjeldan ein eller to veggjar oppført i gråstein.

I Masfjorden var det vanleg at dei fleste løene var bygde i stavkonstruksjon med høg grunnmur med kufkor og ymse andre rom. Smaleflor, geitehus og vårfkor ser ut til å ha større likskap til dei andre kommunane der ein brukte same byggemateriale og teknikk, altså blanding av tre og tørrmur. Grindbygg var den mest dominerande byggjemåten i Masfjorden.

I sjøbruksbygningane finn ein same materialbruk og byggeskikk som dei andre florbbygga. Ein del av nausta var bygd heilt eller delvis av stein. Ein kan finne fleire naust der eine veggjen er murt og den andre bygd i staveteknikk.

Ein veit lite om bustadhus frå før 1800-talet i Masfjorden, men frå 1810 og utover var det to typar lemstover med midtgang som var vanleg – enkelt og dobbeltbredda. Den enkeltbredda blei mest brukt fram til 1830, og dekkjer stovene og heile bredda av huset og midtrommet kan vere ope og fungere som kjøken og gang. Etter 1830 bygde ein mest dobbeltbredda hus, der ein hadde kammers på sida av stovene, og midtrommet var ikkje alltid delt i to. Grunnen til dette var at ein opplevde ein stor folkeauke og mange familiar var særst barnerike.

Seterbuar er nok dei bygga ein brukte mest stein som bygningsslag. Vanlegvis hadde ein ei lafta seterstove og eit skot som var bygd heilt eller delvis av stein. Sjølv om det var her ein brukte mest stein, så var dei fleste setrane bygd berre med treverk, men ein hadde nokre heile steinbygningar oppe i Matrefjella. Kor mykje stein som var tilgjengeleg på staden der seterbua skulle stå, avgjorde kor mykje av bygget som bestod av stein. Ein har altså brukt mykje mindre stein til bygningar i Masfjorden i forhold til andre kommunar, men sjølv bruken er meir omfattande.

2.3 Representative og særeigna kulturminne som representerer vår historie

I grove trekk er Masfjorden si historie frå rundt år 1700 – fram til 2. verdskrig fortalt.

Det er viktig å understreke at det manglar mykje på å skildre ei komplett historie. Det viktige her er å fortelje den delen av historia som forklarar kulturminna vi framleis finn i Masfjorden.

Når vi skal velje ut kulturminne er det er nærliggjande å leggje vekt på forvaltninga av fornminne som har ein verdi - eller kan få ein verdi - for folk som bur i Masfjorden eller som besøkjer kommunen vår.

Vi legg difor mest vekt på følgjande kriterier:

- **Alder**
- **Kulturmiljø**
- **Lokalt særpreg**
- **Ålmenn tilgjenge (nærleik)**
- **Teknisk tilstand**

Ein trur dei begynte med tamreinsdrift i Matrefjella kring 1840-talet, men dette er vanskeleg å tidsfesta. Folk frå heile Indre Masfjorden dreiv med tamreinsdrift, samt ein same som dei leiga som gjetar. Talet på reinsdyr skal ha vore mellom eit og to hundre. Reinflokken holdt seg mykje på Gråsidea, Sjørdals-Fossen og Hopefjella. Setrane som stod tomme om vinteren, blei brukt som bustadhus, mens øvst i Kringlebotnvassdraget låg Svarthola som ein brukte til overnatting.

2.4 Informasjon om SEFRAK registreringane i Masfjorden kommune

Til saman er det 738 objekt som er registrert i SEFRAK i Masfjorden kommune. SEFRAK er eit register over eldre bygningar og andre kulturminne i Noreg. Det er sikkert at 93 av objekta er frå 1850 eller eldre, mens 86 objekt er meir usikkert og 221 inneheld ingen informasjon om årstall. Dei fleste objekta er del av gardstun, stølar eller naustmiljø. Registreringane i Masfjorden kommune er gjort frå 1972-1979, bortsett frå to, som er registrert i 2001.

Av 738 registreringar er 155 våningshus. 35 av desse er frå 1850 eller eldre, mens 16 er usikkert og 16 inneheld ingen informasjon om årstall.

113 av registreringane er naust. 12 er frå 1850 eller eldre, mens 14 er usikkert og 40 inneheld ingen informasjon om årstall.

60 av registreringane er seterbuar og stølar. 5 av desse er frå 1850 eller eldre, mens 6 er usikkert og 31 inneheld ingen informasjon om årstall.

69 av registreringane er løe. 5 av desse er frå 1850 eller eldre, mens 9 er usikkert og 14 inneheld ingen informasjon om årstall.

2.5 Tamreinsdrifta i Masfjordfjella

Ein veit ikkje kor lenge reinsdyrdrifta varte, men det vart truleg oppløyst på grunn av lite beite og fortene. Det heile vart avslutta med at dyra blei slakta på Fitjane i Litle-Matredalen som var den vanlege samlings- og slaktestaden.


Kartlagte lokaliteter i samband med arbeidet med kulturminneplan for Masfjorden 2017-2018

Nr.	Lokalitet	GBR/BNR	Objekt	Registrering	Teknisk stand	Antatt kulturhist. verdi
1	Nordkvingesetra	37/1,2,4,5,7,8,9,14	Seterbuer	SEFRAK	God stand	Middels
2	Nørlandsetra	28/1	Seterbuer	X	God stand	Svært stor
3	Høgestølen	28/1	Seterbuer	X	Behov for reparasjon og vedlikehald	Stor
4	Andviksetra	28/1-7	Seterbuer	SEFRAK	God stand	Stor
5	Duesundsetra	18/3	Seterbuer	SEFRAK	God stand	Stor
6	Reknessetra	20/2,4 og 25/1	Seterbuer	SEFRAK	God stand	Middels
7	Ådnekvamsetra	24/1	Seterbuer	SEFRAK	God stand	Svært stor
8	Sørkvingesetra	38/1,5,10	Seterbuer	SEFRAK	God stand	Stor
9	Kjetlandskupa		Setebuer	X	God stand	Stor
10	Sleire (holmen)	10/12	Reinen husmannsplass	SEFRAK	Våningshus treng rep. Driftsbygning er i god stand	Svært stor
11	Martesøy	52/1,2	Husmannsplass	SEFRAK	Behov for vedlikehald	Stor
12	Andvik	28/2, 5-7	Naust	SEFRAK	Behov for reparasjon og vedlikehald	Stor
13	Andvik, Storevatnet	28/1,3	Naustmiljø	SEFRAK	Behov for reparasjon og vedlikehald	Svært stor
14	Masfjordnes	30/1/9	Nothus	x	Behov for ein del reparasjon	Svært stor
15	Nord Kvingo	37/1-5,7,10,20	Naust	SEFRAK	Stort behov for reparasjon og vedlikehald	Stor
16	Totlandsdal og Kvingo		Båtlager		Behov for reparasjon og vedlikehald	Stor
17	Hosteland	14/2	Kverhusmiljø	SEFRAK	Stort behov for oppussing	Svært stor
18	Mollandseid	18/1,3,4,6. 19/1	Sag- og kvernhusmiljø	SEFRAK	Behov for reparasjon og vedlikehald	Svært Stor
19	Nord Kvingo	37/7	Trevarefabrikk, Lyshus, sag	X	Under restaurering	Svært stor
20	Sør Kvingo	38/6	Mølle	X	Behov for reparasjon og vedlikehald	Svært stor
21	Nord Kvingo	37/7	Kvern		Behov for reparasjon og vedlikehald	Svært stor
22	Einestrاند	59/1	Våningshus, sag	SEFRAK	Behov for reparasjon	Svært stor
23	Nørlandselva	27/4	Kraftverk	X	Behov for oppussing	Stor
24	Nørland	27/5	Smie	SEFRAK	Behov for reparasjon og vedlikehald	Svært stor
25	Matre	49/55	Hommelfoss kraftverk	Askeladden	Behov for vedlikehald	Svært stor
26	Masfjordnes	30/2	Kvamsdal fargereri	X	God stand	Svært stor
27	Kjetland		Museum	X	God stand	Stor
28	Matre	49/78	Bjørn – West - Museum	Askeladden	God stand	Svært stor
29	Sleire	10/14	Skulemuseum	SEFRAK	Behov for reparasjon og vedlikehald	Svært stor
30	Matre	49/12	Matre hotell	X	Behov for oppussing og vedlikehald	Stor
31	Kjetland		Bu	X	God stand	Stor
32	Frøyset	7/13,17	Kyrkje	X	God stand	Stor
33	Sandnes	30/55	Kyrkje	ASKELADDEN	Behov for noko reparasjon	Svært stor
34	Solheim	44/10,70	Kyrkje	X	God stand	Stor
35	Kjetland	0/0	Bru	X	God stand	Stor
36	Matre	49/12	Storsethilleren	ASKELADDEN	God stand	Svært stor

2.6 Stølsområde og seterbuar

Nr.	Lokalitet	GBR/BNR	Objekt	Registrering	Teknisk stand	Antatt kulturhist. verdi
1.	Nordkvingesetra	37/1,2,4,5,7,8,9,14	Seterbuar	SEFRAK	God stand	Middels
2.	Nørlandssetra	28/1	Seterbuar	x	God stand	Svært stor
3.	Høgestølen	28/1	Seterbuar	x	Behov for reparasjon og vedlikehold	Stor
4.	Andviksetra	28/1-7	Seterbuar	SEFRAK	God stand	Stor
5.	Duesundsetra	18/3	Seterbuar	SEFRAK	God stand	Stor
6.	Reknessetra	20/2,4 og 25/1	Seterbuar	SEFRAK	God stand	Middels
7.	Ådnekvamsetra	24/1	Seterbuar	SEFRAK	God stand	Svært stor
8.	Sørkvingesetra	38/1,5,10	Seterbuar	SEFRAK	God stand	Stor
9.	Kjetlandskupa	-	Seterbuar	SEFRAK	God stand	Stor
10.	Mosedalssetra	-	Seterbuar	SEFRAK	God stand	Stor
11.	Kringlebotnen	-	Seterbuar	SEFRAK	God stand	Stor

Kart over nokre stølsområde og seterbuar i Masfjorden kommune:



1. Nordkvingesetra




SEFRAK Nr. 1266.007.065-069
Opphavelig bruk: Sæterbu
Bruk i dag: Fritid/Rekreasjon
Alder: Ca. 1890
Konstruksjon: Mur u. bindemiddel, Laftverk
Trekledning og bølgeblikk, skifer
Saltak, Tregolv

Teknisk tilstand: God
Vern: Ingen
Forvaltning: Privat
Verdivurdering: Middels, klasse C

Historie:

Vi veit ikkje kor langt tilbake det har vore seterdrift i Masfjorden, men vi veit at enkelte gardar sende dyra på fjellbeite i første del av 1700-talet. Dette gjeld truleg også Nordkvingesetra. Den gong var det mykje rovvilt og som var eit stort problem for fjellbeita. På 1820/30-talet vart talet på rovdyr så mykje redusert at det vart interessant for fleire bruk å nytte seg av fjellbeite. Seterdrifta fekk då eit oppsving og stod sterkt i Masfjorden fram til 2. verdenskrig. Setrene låg gjerne samla. Dette fekk etterkvart ein sosial funksjon, men den viktigaste årsaka til dette var nok at ein kunne hjelpe kvarandre med vernet mot rovdyr som ulv og bjørn.

Kjelde: Kulturminne i Masfjorden, Registreringsrapport nr. 7, 1979, Fylkeskonservatoren i Hordaland



2. Nørlandssetra



SEFRAK Nr.

Opphavsleg bruk:	Sæterbu
Bruk i dag:	Fritid/Rekreasjon
Alder:	?
Konstruksjon:	Grunnmur u. bindemiddel Vegg laftverk, mur u. bindemiddel Saltak, Tregolv
Teknisk tilstand:	God
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Svært stor, klasse A

Historie:

Eit særtrekk ved byggeskikken i Masfjordfjella var ein spesiell type saman-bygde seterbuer kor to eller fleire bruk hadde kvar sin avskilte del av bua. Dette var ein byggemåte der ein kunne spare material i eit tre-fattig område. Mange av seterbygningane hadde av same årsak ein eller fleire veggjar i stein. På Nørlandssetra finn vi eksempel på samanbygde seterbuer og seterbuer som er bygd i ein kombinasjon av stein og tre. Andviksetra og Sørkvingesetra er tydelege eksempel på samanbygde seterbuer.



3. Høgestølen



SEFRAK Nr.

Opphavelig bruk: Sæterbu
Bruk i dag: Fritid/Rekreasjon
Alder: ?
Konstruksjon: Mur u. bindemiddel
Trekledning
Saltak i torv, Tregolv

Teknisk tilstand:

God

Vern:

Ingen

Forvaltning:

Privat

Verdivurdering:

Stor, klasse B

Historie:

På Høgestølen ser vi igjen at stein i stor grad er nytta som byggjemateriale. Dei fleste setrane var i bruk fram til siste verdenskrigen - medan dei siste vart avvikla ut på 1950-talet.



4. Andviksetra



SEFRAK Nr.	1266-0005- 082-088
Opphavelig bruk:	Sæterbu
Bruk i dag:	Fritid/Rekreasjon
Alder:	1875-1899
Konstruksjon:	Grunnmur u. bindemiddel Vegg laftverk Saltak, Tregolv
Teknisk tilstand:	God
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Stor, klasse B


Historie:

I Masfjorden var det vanleg å samle setrane i ei grend når det var mogeleg. Dette vart gjort av omsyn til evt. fare frå rovdyr og omstreifande. Det var vanlig at kvar bruker berre hadde ein bygning på setra. Bygget hadde to rom: stove og skot. I skotet vart seterprodukta tilverka og her hadde dei også grue. Eit særtrekk ved byggeskikken i Masfjordfjella var ein spesiell type samanbygde seterbuer kor to eller fleire bruk hadde kvar sin avskilte del av bua. Dette var ein byggemåte der ein kunne spare material i eit tre-fattig område.

Andviksetra hadde 7 bruk sin støl. Setra låg opphavleg sør for fjellet Ådneburen, men vart flytta i 1880. Då dei flytta setra, tok dei med seg trevirke og lot steinmurane stå igjen.



5. Duesundsetra




SEFRAK Nr.	1266-004-109
Opphavelig bruk:	Sæterbu
Bruk i dag:	Fritid/Rekreasjon
Alder:	?
Konstruksjon:	Mur u. bindemiddel Trekledning Saltak i torv, Tregolv
Teknisk tilstand:	God
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Stor, klasse B

Historie:

Duesundsetra ligg svært nær Reknessetra. Usikkert når den vart bygd men truleg tidleg seint 1700-talet til tidleg 1800. Bygningen hadde tidlegare truleg tak av lokal skifer. Lenge låg det bølgeblikk på taket. Setra har fått opprusting og vedlikehald siste åra - med nytt torvtak og nytt tilbygg på baksida. Gruva og skorstein er borte og bygget er meir tilpassa til hyttebruk.




6. Reknessetra



SEFRAK Nr.	1266.005.094 1266.004.106-108
Opphavelg bruk:	Sæterbu
Bruk i dag:	Fritid/Rekreasjon
Alder:	Eldste bygning truleg ca. 250 år
Konstruksjon:	Mur u. bindemiddel Laftverk/bindingsverk Saltak, tregolv
Teknisk tilstand:	God
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Middels, klasse C

Historie:

Setra er ca. 250 år. Nærmaste bygning (Reknes) på bilde 1 og 2 vart truleg bygd på denne tida. Den mørkare bygningen i bakgrunnen (Totland) er truleg også frå den gong, men den ramla delvis ned vart gjenoppbygd som hytte 1960-talet. Desse to bygningane var tidlegare samanbygd med bygningen på det siste bildet (Birkeland). Dette bygget vart rive og flytta 30 meter nordvest før siste verdenskrig.



7. Ådnekvamsetra





SEFRAK Nr.	1266-005-090
Opphavelig bruk:	Sæterbu
Bruk i dag:	Fritid/Rekreasjon
Alder:	?
Konstruksjon:	Mur u. bindemiddel Trekledning og bølgeblikk Saltak, Tregolv
Teknisk tilstand:	God
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Svært stor, klasse A


Historie:

Det høyrer store fjellområde til gardane i Masfjorden. Fjellviddene har i alle år vore ein viktig ressurs for folk. Det var fjella som la grunnlaget for fedrifta i kommunen. Beiteområda var enorme og utslåttane likeeins. Faktorane som sette grenser for antal dyr ein kunne ha var lengda av setersesongen - og kor mykje vinterfor ein kunne sanke. Seterdrifta hadde stor økonomisk betydning for bøndene i Masfjorden frå tidleg på 1800-talet. I stor grad vart det nytta stein som byggjemateriale då det var mangel på trevirke.

Kjelde: Kulturminne i Masfjorden, Registreringsrapport nr. 7, 1979, Fylkeskonservatoren i Hordaland



8. Sørkvingesetra



SEFRAK Nr.	1266.007.070-075
Opphavelig bruk:	Sæterbu
Bruk i dag:	Fritid/Rekreasjon
Alder:	?
Konstruksjon:	Mur u. bindemiddel Trekledning og bølgeblekk Saltak, Tregolv
Teknisk tilstand:	God
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Stor, klasse B

Historie:

På Sørkvingesetra er 4 sjølvstendige seterbuer bygde saman. Seterbua i Masfjorden var eit toromshus med ei grunnflate på 20-25 m². Bua var sjeldan større enn dette, men det hende ho var mindre. På Sørkvingesetra var ei av buen berre på 12 m². Dei to romma kalla ein skot og stove. I stova budde budeia. Frå seterstova gjekk det ei dør ut i skotet kor ein koka og tilverka mjølka. Rommet hadde difor alltid gruve.



9. Kjetlandskupa



SEFARK Nr. 1266-010.092-093
Opphavleg bruk: Sæterbu
Bruk i dag: Fritid/Rekreasjon
Alder: ca.1850-1875
Konstruksjon: Mur u. bindemiddel
Trekledning, torv og saltak, tregolv

Teknisk tilstand: God
Vern: ingen
Forvaltning: Privat
Verdivurdering: Stor, klasse B

Historie:

Bruk nr.1 (raude seteret) og bruk nr.2 var dei fyrste setrane som Bjørn West soldatane brukte som ly og husvære hausten 1944. Her overvintra mange av dei siste krigsvinteren, og feira jamvel jul i setra til bruk nr.2. Dette seteret vart ferdigrestaurert hausten 2017, med stor arbeidsinnsats frå eigarane. Eit tilskot frå kommunen reduserte utgiftene ein del, og kom godt med.

Til dette setermiljøet høyrer også eit naust med vegger av murt gråstein som vart restaurert i 1992. Bilete av setra i Kupa er teke med i alle Bjørn West-bøkene. Bjørn West ville brenna setrane i Kupa våren 1945 då dei måtte evakuera til Stordalen.

Mange leigde setrar og beite i Indre Masfjorden for å Utnytte fjellbeita.



Kjelde: Albert Kjetland
Bilde: fjellprosjekter - Ingvar Vik

10. Øvste Mosedalssetra



SEFRAK Nr. 1266.008.021
Opphavelig bruk: Sæterbu
Bruk i dag: Fritid/Rekreasjon
Alder: 1930
Konstruksjon: Mur u. bindemiddel, lafteverk, horisontal trepanel, supanel med eller utan kantskjæring, vanleg saltak, stål bølgeplater

Teknisk tilstand: God
Vern: Ingen
Forvaltning: Privat
Verdivurdering: Stor, klasse B

Historie:

Setret i Mosedalen blei brukt av Bjørn West under andre verdenskrigen. Dette er ei samanbygd sæterbu, det einaste som ikkje vart brent ned av tyskarane i BA3 området. Den eine delen av setra er bygd i 1930, og blei sist brukt som seter med dyr sommaren 1955. Tidlegare stod setra nokre hundre meter lenger ute, ved ei elv. Men våren 1928 vart den øydelagt av isen i elva. Den andre enden av setra vart flytta frå Norgillbotn og til Mosedalen i 1928-1929.

I dag er det ny kledning og tak på setra, og er i god stand.

Kjelde: Magne Hope

11. Kringlebotnen



SEFRAK Nr.	
Opphavelig bruk:	Sæterbu
Bruk i dag:	Fritid/Rekreasjon
Alder:	ca. 1945
Konstruksjon:	Mur u. bindemiddel, trekledning, tregolv
Teknisk tilstand:	God
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Stor, klasse B

Historie:

Like ved Hummelfossen går det ein smal stig opp langs den bratte fjellsida som førar til garden kringlebotnen. Den ligg inne i fjellet, austfor Storematre-dalen. Det er usikkert når stigen blei bygd, men det ein veit er at Lars Torissen (1701-1782) beynte med gardsbruk der på 1730-talet, antakeleg på grunn av gode ressursar å henta her i fangst og fiske. I det krevjande landskapet opp stigen frå Hummelfossen har det tidlegare vore skred. Det gjorde at folka i Kinglebotn måtte nytta ein trestige opp den bratte hammaren.

I 1944 blei det oppretta ein geriljabase i Matrefjella for å ta imot folk som måtte gå i dekning og andre som venta på tysk arbeidsmobilisering. Fjellet mellom Matre og sogn blei kalla BA 3 området, og soldatane som kjempa her blei kalla Bjørn West gruppa. Det var rundt 250 mann i denne styrken. Kringlebotnen var ein av stølane some blei brukt til rekruttstasjon for Bjørn West, og det kom fleire skotvekslingar mellom norske og tyske soldatar. Gardshusa ved Kringlebotnen var brende av dei tyske styrkane like før frigjeringa i 1945. Sidan då har nye hus blitt bygde, og ein arrangerar ein turmarsj kalla Bjørn West-marsjen kvart år, ein søndag i august. Turmarsjen går frå Litlematrestølen over Kringlebotnen og til Stordalen. Mosedalen er den einaste plassen i Matrefjella der tyskarane ikkje brende ned sæterbua. I dag framstå den i original og god stand.

Kjelde:

<https://www.grind.no/nordhordland/masfjorden/kringlebotnen>

<http://www.scandion.no/hordaland/masfjorden/lokalhistorie/artiklar/bwstyrkane.html>


<https://digitaltmuseum.no/011085441164/kringlebotn>

<https://www.nb.no/items/c5ffe25ec267d7390ffc12fc845057d9?page=33&searchText=bj%C3%B8rn%20west%20matre>


2.7 Husmannsplassar

Nr.	Lokalitet	GBR/BNR	Objekt	Registrering	Teknisk stand	Antatt kulturhist. verdi
12.	Sleire (Holmen)	10/12	Reinen husmannplass	SEFRAK	Våningshus treng rep. Driftsbygning er i god stand	Svært stor
13.	Matresøy	52/1,2	Husmannplass	SEFRAK	Behov for vedlikehald	Stor
14.	Grimhaugane	-	Husmannplass	SEFRAK	God stand	Stor

Kart over nokre husmannsplassar i Masfjorden kommune:



12. Husmannsplass på Sleirsholmen






SEFRAK Nr.	1266.002.012-013
Opphavelig bruk:	Husmannsplass
Bruk i dag:	Landbruk/ Beite
Alder:	ca. 1850 (?)
Konstruksjon:	Mur m. bindemiddel Laftverk m. trekledning Saltak, Tregolv Løe i grindkonstruksjon
Teknisk tilstand:	Bra bortsett frå grunnm. våningshus
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Svært stor, Klasse A

Historie:

På holmen i Sleirsvatnet ligg ein husmannsplass der det i dag ikkje bur folk. Holmen vert no nytta til sauebeite. Husa vart flytta til holmen på 1800-talet. I løa er årstalet 1844 rissa inn, men vi er usikre på kvifor. Grunnmur på våningshuset treng utbetring snarleg - elles er både våningshus og løe i bra stand. Her finn vi ein komplett husmannsplass og eit bra potensiale for utleige/turisme og økonomisk bærekraft for bruket.



13. Husmannplass, Matresøy



SEFRAK Nr.

Opphavelig bruk: Husmannplass

Bruk i dag: Fritid

Alder:

Konstruksjon: Mur u. bindemiddel

Trekledning, torvtak

Teknisk tilstand: stort behov for vedlikehold

Vern: Ingen

Forvaltning: Privat

Verdivurdering: Stor,
klasse B

Historie:

Våningshuset hører til Matreøya husmannsplass. Restaureringa tok til i 1991 med midlar frå kommunen, fylket og eigaren Malfred M. Matre. Huset blei jekka opp, fekk ny kledning og nytt torvtak. Kjell Andresen hjå fylkeskonservatoren laga i 1986 ein detaljert plan for restaureringa.

Alderen til huset er vanskeleg å tidfesta nøyaktig, men det er flytta til Matreøya og oppført i sin noverande form i 1869. Mor og far til Malfred budde der fast til 1975, seinare berre litt om somrane. I dag er det nytta som fritidshus.

Huset inneheld:

Eit kammers, som er den nyaste delen, men eldre enn 1870. Ei stove som er tydeleg eldre, mogleg frå byrjinga av 1800-talet. Ei matbu som er endå eldre, truleg frå 1700-talet. Dessutan kjøkken /gang/sval. Ein liten potetkjellar ligg midt under huset. Huset har grue og pipe av gråstein. Matreøya ligg ca. 2 min med båt frå Matre kai. Huset er ikkje synleg frå land.

Kjelde: Malfred M. Matre, Fylkeskonservator Kjell Andresen

14. Husmannplass, Grimhaugane

SEFRAK Nr.

Opphavsleg bruk:	Husmannplass
Bruk i dag:	Fritid/Rekreasjon
Alder:	ca. 1870
Konstruksjon:	Mur u. bindemiddel, trekledning, tregolv
Teknisk tilstand:	God
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Stor, klasse B

Historie:

På grimhaugane har det vore to bruk. Ein veit ikkje heilt sikkert kortid dei fyrste slo seg ned her, men i fylgje bøkene fekk Jørgen Olson feste på garden i 1870 av Lars Larsen Haugsvær br.nr.1. Garden kan ha vore nytta til utslått. I 1917 vart bruket kjøpt opp, men vart seld igjen då ei av ungane på garden skulle byrje på skulen. Dei siste som budde på bruket nytta huset som sommarbustad.

Familien som busatte seg på den andre garden, var busatt på Osterøy, men fekk bygsel på bruket i 1895. Det som er spesielt med dette bruket er at Løa er kledd med sprake. Dette er ikkje vanleg i Masfjorden, så Ideen må ha kome frå byggjeskikken på Osterøy, der kvar gard hadde sprakeledning. Grunnen til at dette blei brukt er mest sannsynleg at sprakeveggane er så og eie vedlikehaldsfrie. Dei er motstandsdyktige mot råte, og ein trong ikkje halde veggen ved like på annan måte enn å føye til nokre fleire greiner. Ein anna grunn er at veggen framstod som vasssett, men ikkje vindtett. Dette gjorde at ein kunne unngå fukt i det som blei lagra i løa. Grunnen til at det ikkje er meir utbredt er at det var svært tidkrevjande – og dermed kostbare – å lage.

Det budde folk på Grimhaugane fram til 1946, men det har blitt holdt godt ved like sidan.

Gardane er no fråflytta og sprakeledningen er borte.


Kjelde: Fjon frå fjell til fjord: *Gamalt nytt frå Masfjorden*. 12 årgang, 2002.

2.8 Sjøbruksmiljø

Fiske var ei viktig attåttnæring i Masfjorden, og sjøen var den viktigaste ferdselsåra på heile 1800- talet. Naustet er den bygningen som hadde mest å seia for aktiviteten på sjøen når det galdt fiske og ferdsle. 80% av alle bygningane før 1900-talet var naust.

Nr.	Lokalitet	GBR/BNR	Objekt	Registrering	Teknisk stand	Antatt kulturhist. verdi
15.	Andvik	28/2,5-7	Naust	SEFRAK	Behov for reparasjon og vedlikehald	Stor
16.	Andvik, Storevatnet	28/1,3	Naustmiljø	SEFRAK	Behov for reparasjon og vedlikehald	Svært stor
17.	Masfjordnes	30/1/9	Nothus	x	Behov for ein del reparasjon	Svært stor
18.	Nord Kvingo	37/1-5,7,10,20	Naust	SEFRAK	Stor behov for oppussing	Stor
19.	Kvingo og Totlandsdal	37/46	Båtsamling	x	-	Stor
20.	Bergsvik	-	Jektnaust	SEFRAK	-	Stor

Kart over nokre sjøbruksmiljø i Masfjorden kommune:





15. Naust, Andvik



SEFRAK Nr.	1266-005-005
Opphavelig bruk:	Naust
Bruk i dag:	Naust
Alder:	1800-1824
Konstruksjon:	Mur u. bindemiddel Panel - tak ender Saltak, jordgolv
Teknisk tilstand:	Dårleg
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Stor, klasse B

Historie:

Det vart ikkje særleg fart i vegbygginga i Masfjorden før ut på 1900-talet – og sjøen var viktigaste ferdselsåra på heile 1800-talet. Fiske var ei viktig attåttnæring – særleg fiske etter sei og brisling. Naustet på bruk nr. 24 i Andvik er større enn dei fleste med tilsvarende alder i Nordhordland. Det er usikkert om dette har vore eit fellesnaust for to bruk slik vi finn på Nord-Kvingo.



16. Naust, Storevatnet




SEFRAK Nr.	1266-005.024-029
Opphavelig bruk:	Vassnaust
Bruk i dag:	Naust/Rekreasjon
Alder:	1875-1899
Konstruksjon:	Grind- el. Stavkonstr. Vegg i mur u. bindemiddel Saltak, jordgolv
Teknisk tilstand:	Variierende
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Svært stor, klasse A

Historie:

Ved Storevatnet i Andvik ligg 6 naust - tre og tre. Tidlegare kasta rettshavarar garnet etter sjøaure i Storevatnet. Nausta er i stor grad bygd av stein - berre tak og døra er i trevirke. Det vert tydeleg at stein var eit byggemateriale det fanst rikeleg av medan trevirke var mangelvare. Langs veggjen i det eine nauset er det sett opp ei "trehes" som m.a.har vore brukt til å henga opp auregarn på. Tidlegare måtte ein nytte alle tilgjengelege ressursar.



17. Nothus, Masfjordnes



SEFRAK Nr.

Opphavelg bruk:	Nothus
Bruk i dag:	Museum
Alder:	1875-1895
Konstruksjon:	Grunnmur u. bindemiddel Grindbygg m. kledning Saltak, Tregolv
Teknisk tilstand:	Bra
Vern:	Kommunal forvaltning
Forvaltning:	Kommune
Verdivurdering:	Svært stor, klasse A

Historie:

Nothuset på Sandnes vart bygd på slutten av 1800-talet og var eigd av eit notlag på 12-13 mann. Bønder frå Sandnes, Areklett, Duesund og Kvamme gjekk saman om notbruket og bygde nothuset. Nothuset som er bygd på i fleire etappar seinare, representerer fyrste trinn i utviklinga av dei store notbuene. Det var det største i kommunen og det einaste som er att av dei 4-5 nothusa som hadde notlag som dreiv med snurpefangst. Nothuset er kanskje det einaste i sitt slag i heile fylket med denne konstruksjonen. Nothuset og masfjordbåtane fortel om ein viktig del av lokalhistoria til kommunen og er ein del av kystkulturen sin bygningsarv.


Nothuset er i dag eigd av Masfjorden kommune og inneheld i dag ei kulturminnesamling som består av tradisjonelle bruksbåtar og sjøbruksreiskapar frå heile kommunen.

Båt- og sjøbruksregistreringane frå 1990-talet gjer at det finst ei god oversikt over båtar og reiskapar som er brukte og / eller bygde her.

Kjelde: www.båtsamling.no



18. Naust, Nord Kvingo






SEFRAK Nr.	1266-007-039
Opphavelg bruk:	Naust
Bruk i dag:	Naust
Alder:	ca. 1880
Konstruksjon:	Grind-/stavkonstruksjon Mur u. bindemiddel Saltak, jordgolv
Teknisk tilstand:	Dårleg
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Stor, klasse B

Historie:

På Nordkvingo ligg eit dobbelnaust. Eit sameige mellom to bruk. Naustet er eit særtilfelle i Nordhordland – men bygd på tradisjonelt vis. Eit uttrykk for at det i samband med fiske ofte var eit tett samarbeid mellom naboar. Naustet er eit av dei største i Nordhordland med ei grunnflate på 112 m² og vart bygd rundt 1880.

Tilstanden er dårleg. Deler av taket i nord-aust har rasa saman og kledningen er dårleg. Akutt behov for reparasjon og vedlikehald. Å få utbetra taket er mest prekært. Sør-vest sida av taket er belagt med bølgeblikk-plater.



19. Båtlager på Kvingo og Totlandsdal



SEFARK Nr.

Opphavleg bruk: Transport

Bruk i dag: ingen

Alder: ?

Konstruksjon: Furu og eik

Teknisk tilstand: Varierer

Vern: ingen

Forvaltning: Privat

Verdivurdering: Stor, klasse B

Historie:

Båten har vore sentral heilt fram til 1900-talet då køyreveggar kom. Det er mange likskapar mellom båtane langs kysten, men dei har også lokale særpreg som er forma av lokale forhold og behov. Båtbyggjarane visste kva båttype som dugde best til frakt på vatna, ferdsle til byen, eller til fiske på fjorden eller havet. Blant båtane har me Masfjordbåtar (geitebåtar), Hardangerbåtar, Oselvarar og ferjer frå tida 1874 – 1964. Dei gamle Masfjordbåtane var rigga med råsegl, hadde fire bordganger, æsinga festa i overgangen mellom tredje og fjerde omfar, og keipane festa på innsida av øvste bordgangen. Hardangerbåtar og Oselvaren har berre tre bordganger, æsinga ligg oppe på innsida av øvste bordgangen og keipane er festa oppe på æsinga.

<http://www.båtsamling.no/hovudsida/batbyggjarar.html>

Arne Høyland

20. Jektenaust, Bergsvik



Foto: Arne Høyland

SEFRAK Nr.	1266.004.079
Opphavelig bruk:	Båt og jektnaust
Bruk i dag:	Naust, båthus, sjøbu
Alder:	ca. 1875
Konstruksjon:	Mur u. bindemiddel, grind-eller stavkonstruksjon, ingen kledning utpå konstruksjonen, saltak, krum tegl takstein, uglassert.
Teknisk tilstand:	God
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Stor, klasse B

Historie:


Naustet er bygd av Tore Kristensen Bergsvik f. 1802, og vart bygd for å gjere plass til ei lita jekt. Betane (av bjørk) er hogd i Stegalvik og betalt med ein dalar pr. stk. Jektene i Masfjorden kunne føra mellom 4-8 mål ved. To mann førte jekta. Jekta i Bergsvik har kunne tatt rundt 8 mål ved. Oppunder sperrene i naustet var det ribba opp med lekter der dei tørka hå og potetkål. Jekta blei brukt til å sigla til Bergen for å selje långved og snippeved. Det blei også produsert og seld tønnebotnar på garden med furu og øks.

Kjelde: http://kulturarvmassfjorden.blogspot.com/2014/02/bergsvik_16.html

2.9 Tekniske og industrielle kulturminne

Nr.	Lokalitet	GBR/BNR	Objekt	Registrering	Teknisk stand	Antatt kulturhist. verdi
21.	Hosteland	14/2	Kvernhusmiljø	SEFRAK	Stor behov for oppussing	Svært stor
22.	Mollanseid	18/1,3,4,6. 19/1	Sag- og kvernhusmiljø	SEFRAK	Behov for reparasjon og vedlikehold	Svært stor
23.	Nord Kvingo	37/7	Trevarefabrikk, lyshus, sag	x	Stort behov for oppussing	Svært stor
24.	Sør Kvingo	38/6	Mølle	x	Behov for reparasjon og vedlikehold	Svært stor
25.	Nord Kvingo	37/7	Kvern	x	Behov for reparasjon og vedlikehold	Svært stor
26.	Einestrånd	59/1	Våningshus, sag	SEFRAK	Behov for reparasjon	Svært stor
27.	Nørlandselva	27/4	Kraftverk	x	Behov for oppussing	Stor
28.	Nørland	27/5	Smie	SEFRAK	Behov for reparasjon og vedlikehold	Svært stor
29.	Matre	49/55	Hommelfoss kraftverk	ASKELADD EN	Behov for vedlikehold	Svært stor
30.	Masfjordnes	30/2	Kvamsdal fargereri	x	God stand	Svært stor
31.	Kjetland samlinga	53/6	Museum	x	God stand	Stor
32.	Trodalssamlinga	-	Museum	SEFRAK	God stand	Stor
33.	Trodal	-	Sag	SEFRAK	-	Stor
34.	Solheim	-	Sagbruk	-	-	Stor
35.	Hope	-	Kraftverk	-	-	Stor

Kart over nokre tekniske og industrielle kulturminner i Masfjorden kommune



21. Kvernhusmiljø, Hosteland



SEFRAK Nr.	1266.003.053
Opphavelag bruk:	Kvern
Bruk i dag:	Ingen
Alder:	Truleg bygd i år 1754
Konstruksjon:	Mur u. bindemiddel Laftverk/bindingsverk Saltak, tregolv
Teknisk tilstand:	Dårleg - særleg tregolv
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Svært stor, klasse A

Historie:

Kverna på Hosteland står like sør for Sagevatnet og Storstemsvatnet - og står mest truleg akkurat slik ho vart bygd på midten av 1700-talet. Det er m.a. rissa inn årstalet 1802 i treverket. Kverna har halde seg overaskande godt i eit heller fuktig terreng langs elvefaret. Treverket er likevel prega av soppangrep. I 1976 var det iflg. SEFRAK-registreringa teglstein på taket og begynnande forfall vart forklart med fukt ovanfrå. Seinare vart det lagt bølgeblikk som truleg har berga bygningen fram til i dag. Restar av kvernkallen står fortsatt men skovlane er borte. Slåket er det ingenting igjen av.

Tidlegare stod det to andre kverner langs elva - ei lengre oppe langs elva - og ei lenger nede. No er det nærast berre kvernsteinane som ligg att av desse to kvernene. I tillegg stod det ei sag heilt nede ved sjøen. Her er det lite att å finne. Vi kan sjå restar av murar for slåket og vi finn metallgjenstandar som viser gamle konstruksjonar.




22. Sag- og kvernhusmiljø, Mollandseid




SEFRAK Nr.	1266.004.044,045,064
Opphavelag bruk:	Sag og kvern
Bruk i dag:	Ingen
Alder:	Eldste bygning truleg ca. 250 år
Konstruksjon:	Mur u. bindemiddel Laftverk/bindingsverk Saltak, tregolv
Teknisk tilstand:	Dårleg.
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Svært stor, klasse A

Historie:

Sagene ved elva truleg bygd rundt 1850-1870. Det står også ei kvern på Mollandseid som står midt mellom sagene på første bilde. Kverna på Mollandseid var i sameige mellom gardane Mollandseid og Reknes. Høgdeforskjellen mellom vatn og sjø er berre 5,5 m. Kverna og saga er difor kopla parallelt i høve til kvarandre. Ved hjelp av stemma kan vassføringa aukast. Stemma som er her i dag er frå 1914. Det er 3 luker til å sleppa vatnet gjennom. Vatnet renn i eit slok, ei vassrenne, ned til ulike delar av anlegget. Sloket er brattast like før vasshjulet, slik at tyngdekrafta vert utnytta best mogeleg til drifta av vasshjulet og kvernkallen. Molland hadde flomkvern saman med Reknes allereie i 1723. Kvernhuset som står i dag er over 100 år men me veit ikkje sikkert om det er den same kverna. Anlegga vart restaurert på 90-talet. No er det behov for ein ny innsats. Særleg slåka er i dårleg stand. Den nærmaste saga på første bilde (Duesund) har ikkje lenger slåk eller vasshjul.



23. Trevarefabrikk, Kvingo



SEFRAK Nr.



Opphavelig bruk:	Trevarefabrikk
Bruk i dag:	Ingen
Alder:	1919
Konstruksjon:	Stenderar med panel Mur u. bindemiddel Saltak, tregolv
Teknisk tilstand:	Bra
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Svært stor, klasse A

Historie:


Trevarefabrikken på Kvingo vart bygd i 1919. Fabrikken laga mange slags trevarer. Rivehovud og trekassar, vindauga, fyllingsdører, trapper og møblar. Fabrikken henta første åra kraft direkte frå elva - seinare i kombinasjon med ein motor kalla "Klamphoggaren" fordi han bråka mykje - når vassføringa var liten. På venstre side i siste bildet står ei sag som iallfall vart bygd før år 1900 - men som truleg er ein god del eldre. Drifta på fabrikken vart lagt ned i 1960-åra då eigarane var blitt gamle.

Kjelde

Foto: T. kallekleiv




24. Mølle, Sør Kvingo




SEFRAK Nr.	1266-007-021
Opphavelig bruk:	Mølle /sag m.m.
Bruk i dag:	Fritid/Rekreasjon
Alder:	Før 1850
Konstruksjon:	Grunnmur u. bindemiddel Vegg laftverk Saltak, Tregolv
Teknisk tilstand:	Bra
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Svært stor, klasse A

Historie:

Mølle frå iallfall før 1850, men påbygd og utvida etter kvart. Mølle i sørleg del. Dette er ei av dei meir profesjonaliserte kvernene i regionen – som var i drift etter innhaustinga av korn til fram mot jul. Saga i nordlig del vart driven vinterstid når det ikkje var behov for kornmaling. Folk kom langvegs frå med båt for å få malt korn her. Fram til 1936 var det kvernkallar som produserte krafta. Då fekk fabrikkten turbindrift som dreiv både saga og kverna. Bygningen høyrer under eit lite gardsbruk som i hovudsak hadde si inntekst frå «fabrikken». Garden hadde likevel noko buskap til eige bruk og dreiv dessutan fiske. På eigedomen står løe, naust og notebu og våningshus. Her finst nærast eit komplett miljø der lite er endra sidan 1800-talet. I 1960 åra vart det slutt ved Kvinge mølle fordi det etter kvart vart slutt på korndyrkinga på gardane i distriktet.




25. Kvern, Nord Kvingo



SEFRAK Nr.	1266-007-041
Opphavelg bruk:	Kvern
Bruk i dag:	Ingen
Alder:	1875-1899
Konstruksjon:	Laftverk med panel Mur u. bindemiddel Saltak, tregolv
Teknisk tilstand:	Bra
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Svært stor, klasse A

Historie:

Kverna på Nordkvingo er bygd på ein måte som var typisk på vestland. Kvernhuset er av laftatreverk og står på ein høg grunnmur over elva. Konstruksjonen av kvernene var mykje den same frå 1700-talet og frametter. Likevel prøvde ein å oppnå betre kraftutnytting av vatnet - m.a. med med skråstilte skovlar på kvernkallen. Dette finn vi på kverna på Nordkvingo. Dette anlegget har vore restaurert - m.a. med ny kvernkall og yttre kledning. Slåket står derimot meir utsett for fukt og er i heller dårleg forfatning.



26. Einestrand, Gardsmiljø



SEFRAK Nr.	1266-011-007 1266-011-008 1266-011-010
Opphavelig bruk:	Landbruk
Bruk i dag:	Landbruk
Alder:	Våningshus: før år 1800 Naust: Usikkert truleg før 1800 Sag: ?
Konstruksjon:	Grunnmur u. bindemiddel Saltak, Tregolv, jordgolv
Teknisk tilstand:	Bra
Vern:	Ingen
Forvaltning:	
Verdivurdering:	Svært stor, klasse A

Historie:

I 1836 vart våningshuset flytta dit det står i dag og er seinare bygd på i nordvestleg retning. Saga var i bruk inntil for få år sidan. Her er det berre å opne for vatn så går saga. Dette er den nyaste og best bevarte saga me har funne i Masfjorden



27. Kraftverk, Nørland



SEFRAK Nr.

Opphavelig bruk:	Kraftverk
Bruk i dag:	Ingen
Alder:	ca. 1936
Konstruksjon:	Mur u. bindemiddel Sperrer med panel Saltak, tregolv
Teknisk tilstand:	God
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Stor, klasse B


Historie:

Dette minikraftverket vart bygd rundt 1935. Tidlegare kalla lyshus - i første rekkje bygd for å skaffe lys på skulen og i bedehuset. Bygningen er i god stand og ingenting er endra sidan krana vart stengd i ca. 1970. Masfjorden er kjent for å vera ein kraftkommune – og anlegget er eit eksempel som viser starten på kraftutbygginga sjølv om ein allereie i 1870 åra begynte å utnytte vasskraft til produksjon av elektrisk energi. På tross av alder vil verdien difor vera relativt høg.

Kjelde: store Norske leksikon







28. Smie, Nørland




SEFRAK Nr.	1266-005-048
Opphavelig bruk:	Smie
Bruk i dag:	Ingen
Alder:	Truleg tidleg på 1800-talet
Konstruksjon:	Mur u. bindemiddel Panel Saltak, tregolv
Teknisk tilstand:	Bra
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Privat
Verdivurdering:	Svært stor, klasse A

Historie:

Smia på bruk nr. 5 på Nordland er på ca 29 m² i grunnflate. Av bileta kan sjå at fasaden er noko endra sidan registreringa i SEFRAK i 1975. Sjølve smia står ved endeveggen av bygningen i sør. Av tryggleikssyn står den i avstand til andre bygningar - noko som var vanleg. Smia vart truleg bygd tidleg på 1800- talet men dette veit me ikkje sikkert.



29. Hommelfoss Kraftstasjon



KulturminneID:

Opphavelig bruk: Kraftstasjon

Bruk i dag:

Alder: Ferdigstilla i 1944. Ny bygning reist i 1953

Konstruksjon: Betong

Grunnmur av bruddstein Tak
av betong

Rørygate i stål

Teknisk tilstand: God

Vern: Ingen

Forvaltning: Offentlig


Verdivurdering: Svært stor, klasse A

Historie:


Allereie i 1908 var det planar om produksjon av salpetergjødssel og elektrisitet på Matre, men dette vart lagt på is på grunn av urolige tider rundt første verdskrig. I 1917 vart arbeidet teke opp att og kraftstasjon og rørygate stod ferdig i 1919. Likevel var det først i 1944 at kraftproduksjonen kom i gang - då etter initiativ av den tyske okkupasjonsmakta. Etter krigen vart stasjonen frå 1919 riven, og bygningen som står der i dag er frå 1953. I 1986 kom det ein ny og moderne stasjon som er bygd ca 100 m. sør for den gamle. Ved førre arbeid med kulturminneplan vart gamlestasjonen foreslått som museum. Dette er enno ikkje gjennomført.

Kjelder: Nettsidene til Masfjorden kommune. Digitalmuseum.no

Foto: T. Kallekleiv



30. Kvamsdal fargereri, Masfjordnes



SEFRAK Nr.

Opphavsleg bruk:	Fargereri
Bruk i dag:	Museum
Alder:	1889
Konstruksjon:	Grunnmur m. bindemiddel Vegg av laftverk/panel Saltak, skifer Golv av tre/betong
Teknisk tilstand:	Bra
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Kommunal
Verdivurdering:	Svært stor, klasse A

Historie:

Kvamsdals fargereri vart etablert av Rasmus Kvamsdal (1868-1937) i 1889 – berre 21 år gamal. Det heile starta opp i kjellaren i det nye huset hans. Rasmus og sonen Martinus Kvamsdal (1898-1982) dreiv fargeriverksemd i ei tid med kraftig utvikling på mange område.


I 1954 var fargeriet lagt ned. Lokala vart ikkje nytta til anna næringsverksemd, og fargeriestyret er ikkje flytta ut, det står der bortimot intakt slik det stod den gang.

Kvamsdals fargereri fortel om ein type småbedrift som var vanleg på Vestlandet på 18- og 1900-talet. Eigarane følgde utviklinga og moderniserte verksemda som var i drift heilt fram til 1950-talet. Det meste av inventaret i fargeriet er framleis intakt og står slik det stod då det vart lagt ned i 1954.

Kjelde: <http://www.masfjorden.kommune.no>



31. Kjetland samlinga



SEFRAK Nr.

Opphavelig bruk:	Løe
Bruk i dag:	Privat museum
Alder gjenstandar:	Ca. 1900-1960
Konstruksjon:	Grindløe frå ca. år 1900

Teknisk tilstand: God

Vern: Ingen


Forvaltning: Privat

Verdivurdering: Stor, Klasse B

Historie:

Løa er bygd som grindverk. Her har Albert Kjetland gjennom fleire år samla og stilla opp ulike reiskap som vart brukt på gardane første del av 1900-talet. Hestevogn, hjulrive, slede, separator, kinne, ljà og rive - og mykje meir. Dei fleste gardane på vestlandet hadde tidlegare mykje av dette utstyret, men få har teke vare på det slik det er gjort her. Dette er ei samling som viser ei tid som ikkje ligg så langt tilbake, men der folk hadde heilt andre vilkår for sine liv enn i dag.

Kjelde: Albert Kjetland



32. Trodalssamlinga



SEFRAK Nr. 1266.010.073
Opphavelig bruk: Våningshus
Bruk i dag: Museum
Alder: 1820
Konstruksjon: Krum tegl takstein, uglassert, vanleg saltak, horisontalt trepanel, supanel med eller utan kantskjæring.

Teknisk tilstand: God
Vern: Ingen
Forvaltning: Privat
Verdivurdering: Stor, klasse B

Historie:

På garden Trodalen 2 km frå Matre, eit stykke opp i lia nordsida av Matrefjorden, ligg det eit tohøgda gardshus som ser ut til å vera prega av austnorsk byggjeskikk. Våningshuset er frå 1820 og har to fulle etasjar i ei lengd som gjev plass til to stover, eit kjøkken og eit tilbygg etter kvarandre. Huset er bygd i austlandsstil fordi oldefaren til Olav S. Trodal, Hans Matre var i militærtjeneste ved svenskegrensa i 1814. Sjølve gardsmuseet er bygd av Olav S. Trodal. På denne garden er det ei uvanleg rikhaldig samling av reiskap, utstyr og husbunad – over 600 gjendstandar. Her er fangstutstyr for jerv, gaupe og rev; her er handverktøy som høvlar og bøkkarutstyr og her er utstyr for ei gardssmie. To kister skal vera frå 1500-talet, og ei eldhusdør som er teken vare på – med ein stor solfigur midt på – er truleg frå seinmellomalderen. 2. høgda har eit eige medierom med gamle avisutklipp m.a frå frigjeringsdagen. Tre masfjordingar var den gongen austpå, og det vart bygd fire slike hus i indrefjorden då dei kom heimatt. Det står framleis eit på Matre og Haugsvær.

Kjelde: <https://www.grind.no/nordhordland/masfjorden/trodalen>

www.scandion.no/hordaland/masfjorden/turistguide/trodalsamlinga/1.html

33. Trodal sag

SEFRAK Nr.

Opphavelig bruk: Sagbruk
Bruk i dag: Ingen
Alder: 1850-1860
Konstruksjon: Mur u. bindemiddel,
lafteverk/bindingsverk, saltak, tregolv

Teknisk tilstand: ?
Vern: Ingen
Forvaltning: Privat
Verdivurdering: Stor, klasse B

Historie:

Ved sjøen i Trodalsneset ligg naustet og saga, lenger oppe ligg kvernhuset, stovehus og løer. Mellom 1850-1860 vart sagbruket flytta frå Trysdalselva og hit. Dette var ei oppgangssag og huset er enno slik det var då oppgangssaga var i bruk. Oppe i andre etasje på saga ligg føringane for grinda som sagstokken låg i. Mange av golvborda i denne etasjen er skorne på oppgangssag. Det same er det med golvborda på naustlemmen. Oppgangssaga var i bruk fram mot siste århundreskifte. Då bygde dei om frå overvasshjul til sagkall og monterte sirkelsag. Seinare vart det laga ein liten sagbenk i andre høgda.

Kjelde: https://www.miljolare.no/aktiviteter/kulturminner/vart/resultater/?a_id=649488

34. Sagbruk, Solheim



SEFRAK Nr.

Opphavelig bruk: Sagbruk
Bruk i dag: Ingen
Alder: ca. 1900
Konstruksjon:

Teknisk tilstand: Mur u. bindemiddel,
tregolv
Vern: Ingen
Forvaltning: Privat
Verdivurdering: Stor, klasse B

Historie:

Saga på Solheim har vore viktig for folk i bygda. Den blei mest sannsynleg bygd på begynnelsen av 1900-talet. Då vegen til solheim var laga, gjekk den tvers over der stökkane vart dregne opp frå sjøen og inn i saga. Det blei laga ein kanal tvers under vegen for å frakte stökkane. Vatnet som ein nytta til saga, brukte ein også til kraftstasjonen på Solheim, som blei bygd i 1916 og holdt fram til 1955 då Solheim blei knytt det kommunale kraftverket. Når ein ikkje lenger hadde brukt for kraftverket på Solheim, brukte ein det gamle utstyret til å forbedre og gjere saga betre. Saga fekk ny kall, med skolvar av peltontype, og med moderne lager. Saga har vore ombygd to gonger som ein veit. Saga har vore restaurert i 1997.

Det var sjeldan meir enn ei sag på ein gard, og oftast var ho sameige mellom dei bruka på garden som hadde mest skog. Få gardsbruk hadde mindre skog enn at dei kunne halda seg sjølve med ved, byggje sine eigne hus og drive sal av tømmeret. Det var ikkje før rundt 1850-talet at sagbruket begynte å ta seg opp igjen etter at dei strenge avgiftane forsvant, og det igjen blei lønsamt å drive sagbruket. Det var ein rekkje tilhøve ein måtte ta omsyn til når ein skulle plassera ei sag. For det fyrste måtte ein ha stor vassføring. Dette kunne ein få til ved å demma opp vatnet ovanfor saga, og derfor måtte ein finna ein stad der slik oppdamming var mogleg. Saga burde også liggja der fallet på vatnet var størst mogleg. Fleire plassar i Masfjorden kan ein sjå at vassrenna (sloket) er bygd opp på høge steinpillalar, og la vatnet stupa bratt ned på vatnet. Transporten til og frå vatnet spela også ein viktig rolle. Derfor ser ein at mange sagbruk ligg plassert nermt sjøen og ofte saman med nausta.

Kjelde: Fjon frå fjell til fjord. *Gammalt og nytt frå Masfjorden*, 7. årgang. 1997.

Kulturminne i Masfjorden nr.7.

35. Kraftverk, Hope

SEFRAK Nr.

Opphavelig bruk: Kraftverk
Bruk i dag: Ingen
Alder: ca. 1920
Konstruksjon: Mur u. bindemiddel,
lafteverk/bindingsverk, saltak, tregolv

Teknisk tilstand: ?
Vern: Ingen
Forvaltning: Privat
Verdivurdering: Stor, klasse B

Historie:

Det har vore mange små kraftverk i Masfjorden kommune. Etter første verdskrig 1914-1918, var det store svingningar i økonomien og ein begynte å stusse meir på ei kommunal kraftforsyning. Ein var redd for at dei store avstandane og den spredte busetnaden ville gjere det ulønsamt å driva. Dette førte til at folk i ei rekkje av grendane, der det var elvar og fossefall, tok opp eit samarbeid og bygde ut ei rekkje mindre elektriske grendverk. Sjølv om eit kommunalt kraftverkt har meir stabil kraftforsyning, så var dei små kraftverka til nytte og glede for folk i lang tid. Dei fyrste kraftverka vart bygd på Solheim i 1918, og dette gav lys til befolkninga på Solheim. Deretter kom det fleire små kraftverk rundt om i kommunen.


Kjelde: Masfjordboki. 2

2.10 Forsvars og krigsminner

Historia om Bjørn West er dramatisk, interessant og spennende norsk krigshistorie, som det er musèets oppgave å ta vare på og formidle til nye generasjonar.

Nr.	Lokalitet	GBR/BNR	Objekt	Registrering	Teknisk stand	Antatt kulturhist. verdi
36.	Matre	49/78	Bjørn West - Museum	x	God stand	Svært stor

Kart over nokre forsvars og krigs kulturminner i Masfjorden kommune:



36. Bjørn West, Matre



SEFRAK Nr.

Opphavelig bruk: Vaktkontor
Bruk i dag: Museum
Alder: 1942 (?)
Konstruksjon: Mur m. bindemiddel
Saltak, Tregolv

Teknisk tilstand:

God

Vern:

Ingen

Forvaltning:

Kommunal stifting

Verdivurdering:

Svært stor, klasse A

Historie:

Bjørn West Museet har namnet sitt etter ein geriljabase i Matrefjella. Bjørn West museet vart skipa for å fortelja historia om motstandsgruppa Bjørn West. Dei hadde base i Matrefjella i Masfjorden og kom i kamp med tyske soldatar i april/mai 1945. Etter at Bjørn West soldatane vart dimittert sumaren 1945 skipa dei foreininga Bjørn West. Dei hadde m.a. som føremål å spreia kunnskap om kva som skjedde dei dramatiske dagane på slutten av 2. verdskrig. I 1947/48 fekk dei sett opp «Bjørn West hytta» i Stussdalen. Dette vart ein viktig samlingsstad både for kameratskap og for å halda historia levande. Stiftinga Bjørn West museet vart skipa i 1993 av kommunane Masfjorden, Lindås, Osterøy, Modalen og Gulen. I styret sit også Masfjorden sogelag, Bjørn West museets venner og Museum Vest (frå 2016). Hordaland fylkeskommune og Forsvarsmuseet/HV09 er observatørar til styret.


Kjelde: museumvest.no



2.11 Skular og forsamlingar

Nr.	Lokalitet	GBR/BNR	Objekt	Registrering	Teknisk stand	Antatt kulturhist. verdi
37.	Sleire	10/14	Skulemuseum	SEFRAK	Behov for reparasjon og vedlikehald	Svært stor
38.	Matre	49/4	Matre hotell	Askeladden	Behov for oppussing og vedlikehald	Stor

Kart over nokre skular og forsamlingar i Masfjorden kommune:



37. Skule, Sleire



SEFRAK Nr.

Opphavelig bruk: Grendaskule
Bruk i dag: museum
Alder: 1894
Konstruksjon: Mur m. bindemiddel
Laftverk m. trekledning
Saltak, Tregolv

Teknisk tilstand: Behov for reparasjon og vedlikehald

Vern: Ingen

Forvaltning: Kommunal

Verdivurdering: Svært stor Klasse A

Historie:

Gamle Sleire skule vart bygd i 1894. I dag er skulen nytta som skulemuseum.

I skulemuseet er det samla utstyr som skriv seg alt frå omgangsskulen si tid. Det er ei historisk boksamling, vi finn lærebøker, læremidlar og faglitteratur frå eit stort tidsspenn i Masfjord – skulen.

Her er plansjar, kart, globus og andre hjelpemidlar.



38. Matre hotell



SEFRAK Nr.

Opphavelig bruk:	Hotell
Bruk i dag:	Privat
Alder:	1712/1912
Konstruksjon:	Mur m. bindemiddel Trekledning. Saltak, skifer

Teknisk tilstand:

God

Vern:

Ingen

Forvaltning:

Privat

Verdivurdering:

Stor, klasse B

Historie:

Rimeleg sikkert stod Matre hotell først på Bryggen i Bergen og var den ærverdige «kjøpmannstuen» - dvs. Rådhus, skjenkestove, rettslokale m.m. Bygningen brann ned i 1702, men vart gjenreist i 1712 som ein bygning i to etasjar med loft. Etter nedlegginga av Det tyske Kontor i 1754, overtok Det norske Kontor «Kjøpmannstuen» og nytta huset som klubb - og frå 1813 som børs. Brennevinssamlaget dreiv serveringsstad her frå 1876.

I 1912 vart den inste delen av Bryggen riven for å bli erstatta av murbygningar. Då nytta Ole E. Sandnæs frå Masfjorden høvet til å skaffa seg to lektarar med materialar for å byggja hotell på Matre. «Kjøpmannstuen» i Bergen skulle få eit nytt liv som hotell for lakselordar og andre gjestar på Matre.


Kjelde: Digitalmuseum.no



2.12 Buar

Nr.	Lokalitet	GBR/BNR	Objekt	Registrering	Teknisk stand	Antatt kulturhist. verdi
39.	Kjetland	56/1	Bu	x	God stand	Stor

Kart over nokre buar i Masfjorden kommune:



39. Bua på Kjetland



SEFRAK Nr.

Opphavelig bruk: Bu
Bruk i dag: Privat museum
Alder: Truleg frå 1700-talet
Konstruksjon: Tømmer med ytre panel

Teknisk tilstand: God
Vern: Ingen
Forvaltning: Privat
Verdivurdering: Svært stor, klasse A

Historie:

Alder på bua er usikker men den vart truleg bygd på 1700-talet. Thobjørn J. S. Frølich (1848-1938) som var prest og ordførar i Masfjorden meinte bua var den eldste bygningen i Masfjorden. Bua vart bygd på garden ho står på i dag men vart flytta til dampskipskaia i Haugsdal ca. 1900 og brukt som vareskur. I 1965 vart bua vart teke ned og lagra i ei løe på Kjetland. I 1984 vart bua sett opp att på same garden der ho vart først reist (siste bildet). Dette vart gjort i samarbeid mellom grunneigar og kommunen.


Kjelde: Albert Kjetland




2.13 Kyrkjer og kyrkjegardar

Nr.	Lokalitet	GBR/BNR	Objekt	Registrering	Teknisk stand	Antatt kulturhist. verdi
40.	Frøyset kyrkje	7/13,17	Kyrkje	x	God stand	Middels
41.	Sandnes kyrkje	30/55	Kyrkje	Askeladden	Behov for noko reparasjon	Svært stor
42.	Solheim kyrkje	44/10,70	Kyrkje	x	God stand	Stor

Kart over nokre kyrkjer og kyrkjegardar i Masfjorden kommune:



40. Frøyset kyrkje



KulturminneID:

Opphavelag bruk: Religion

Bruk i dag: Religion

Alder: 1936/37

Konstruksjon: Lafta plank med utv. Kledning.
Grunnmur av bruddstein - dels pussa
Saltak m. ruteheller
Tårn dekket med koparplater.

Teknisk tilstand: God


Vern: Ingen

Forvaltning: Offentlig

Verdivurdering: Stor, klasse B



Historie:

Kyrkja på Frøyset er ei langkyrkje og vart bygd 1936-37. Den vart viksla i 1937 og bygd på bakgrunn av deling av Sandnes sokn i 1930. I 1969-70 vart bygningen forlenga ut frå sakrestiet - med kjøkken og sanitæranlegg. Kyrkjegården ligg på ein oppmura terrasse.



Kjelde: Nettsidene til Masfjorden kyrkjelege fellesråd

41. Sandnes kyrkje



KulturminneID:	84404-1
Opphavsleg bruk:	Religion
Bruk i dag:	Religion
Alder:	1845
Konstruksjon:	Tømra plank Grunnmur av upussa bruddstein - dels støypt grunnmur Saltak m. lappskifer
Teknisk tilstand:	Bra
Vern:	Ingen
Forvaltning:	Offentlig
Verdivurdering:	Svært stor, klasse A

Historie:

Kyrkja som står på Sandnes i dag vart bygd 1845. Kyrkja er ikkje nemnt i skriftlege kjelder frå middelalderen, men i og med at den rundt år 1660 krevja landskuld må det reknast som sikkert at det sto ei kyrkje på garden i middelalderen, trulig ei stavkyrkje. I tillegg er det bevart ei døypefont frå 1100-tallet og ei stor middelaldersk klokke frå kyrkja. Ei tømmerkyrkje, i 1686 beskrive som «meget forfalden», må ha avløyst stavkyrkja noko tidlegare. Det er uvisst om denne står på same stad som dei tidlegare kyrkjene (NK III:172f). Så ser likevel ut til å vere tilfellet, ifølgje møteprotokoll frå 1844: "Kirken opføres paa den gamle Tomt, hvorved den hidtil benyttede Kirkegaard fremdeles beholdes" (ref. i Frølich 1924:100).

Kjelde: Kulturminnesok.no



42. Solheim kyrkje



KulturminneID:

Opphavelig bruk: Religion

Bruk i dag: Religion

Alder: 1881-82

Konstruksjon: Lafta plank med utv. kledning.
Grunnmur av bruddstein
Saltak m. ruteheller
Tårn dekket med koparplater.

Teknisk tilstand: God

Vern: Ingen

Forvaltning: Offentlig

Verdivurdering: Stor, klasse B

Historie:

Kyrkja på Solheim er ei langkyrkje og vart bygd 1881-82. Den vart viksle i 1882 og har 200 plassar. Den vart bygd etter deling av Sandnes sokn i 1880.




Kjelde: Nettsidene til Masfjorden kyrkjelege fellestråd
Foto: T. Kallekleiv

2.14 Samferdselshistorie/ Ferdelsveggar


Dei fyste som busatte seg i Masfjorden, tok mest sansynleg sjøvegen. Det var ikkje før på 1900- talet at ein begynte å bygge ut veg.

Nr.	Lokalitet	GBR/BNR	Objekt	Registrering	Teknisk stand	Antatt kulturhist. verdi
43.	Kjetland	0/0	Kjetland bru	x	God stand	Stor

Kart over nokre samferdelshistorie og ferdelsveggar i Masfjorden kommune:



43. Kjetland bru



SEFRAK Nr.

Opphavelig bruk:	Bru
Bruk i dag:	Bru
Alder:	1908
Konstruksjon:	Mur med og utan bindemiddel Rekkverk i stål

Teknisk tilstand:

God

Vern:

Ingen

Forvaltning:

Kommunal



Verdivurdering:

Stor, klasse B

Historie:

Steinbrua mellom Kjetland og Tverberg stod ferdig i 1908. Initiativet til bru kom frå gardane i dalen. Første søknad om bru vart sendt i 1886. å byggje bru vart kostnadsrekna til kr. 4 300,- Staten dekkar halve kostnaden, kommunen 1/5-del og amtet 1/5-del. Oppsttjarane måtte sjølv betale 1/10-del og gjorde svært mykje av arbeidet sjølv. Brua er ca. 23 meter lang mellom landkara og har ei høgd på ca. 5 meter.

Kjelde: Fjon frå fjell til fjord 2008. Albert Kjetland




2.15 Kulturminne frå eldre tider

Arkeologiske kulturminner er dei viktigaste kildane me har som gjer innsyn i menneska sine liv og samfunnsforhold før i tida. Mange arkeologiske kulturminne er vanskelege å oppdage fordi dei ligg skjult torv, jord og stein.

Nr.	Lokalitet	GBR/BNR	Objekt	Registrering	Teknisk stand	Antatt kulturhist. verdi
44.	Matre	49/4	Storsethilleren	Askeladden	God stand	Svært stor
37.	Haugsdal	1/63, 1/8	Heller	Askeladden	-	
38.	Risnes	6/97	Buplass	Askeladden	-	
39.	Nørland	27/5	Røys	Askeladden	-	
40.	Elvik - Brimneset	33/15	Gravminne	Askeladden	-	

Kart over nokre kulturminne frå eldre tider i Masfjorden kommune:



44. Storsethilleren /«Matrehola»



SEFRAK Nr.



Opphavelg bruk:	Heller/buplass
Bruk i dag:	Ingen
Alder:	Eldre jernalder
Konstruksjon:	Naturleg Heller/hole
Teknisk tilstand:	God
Vern:	Automatisk freda
Forvaltning:	?
Verdivurdering:	Svært stor, klasse A

Historie:

«Matrehola» ligg under ein svær stein som kviler på to mindre steinar tett framfor det hengebratte berget. Han er 4-6 meter brei, kring 10 meter djup og opptil 2,30 meter høg. På tvers over golvet ved opninga vart det funne ein mur som har bidrege til å gje ly.

Her er det gjort funn frå eldre jernalder som tyder på at helleren var brukt som fangststasjon. Funna viser at Storsethilleren også var i bruk i mellomalderen og i nyare tid.

Helleren fungerte truleg som støl for ein gard på Matre ein periode – ein konklusjon som byggjer på at kvinner har hatt tilhald her (jfr. funnmaterialet), og at ein framfor helleren oppdaga spor etter steingjerde og innhegningar.



3.0 Handlingsplan

Formidling:

Tiltak	Periode	Ansvar	Finansiering
Etablere prosjekt for skilting av startområde for turstiar opp til seterstølane.	2020-	Masfjorden kommune	
Etablere samarbeidsprosjekt med biblioteka som skaffar litteratur til prosjekt om temadagar for skule, barnehage og innbyggjarane generelt.	2020-	Masfjorden kommune	
Leggja inn fleire kulturminne på heimesida til Masfjorden kommune.	Kontinuerleg	Masfjorden kommune	

Bevaring og tilrettelegging:

Tiltak	Periode	Ansvar	Finansiering
Tilby råd og veiledning for dei som skal søkja om tilskot til oppussing og restaurering og kvar ein kan søkja eksterne midlar.	Kontinuerleg	Masfjorden kommune	

Forvaltning:

Tiltak	Periode	Ansvar	Finansiering
Legg til kulturminner i klasse A og B i Askeladden.	Kontinuerleg	Masfjorden kommune/fylkeskommunen	
Vurdere tilskuddsordning til prioriterte kulturminne i kommunen.	Kontinuerleg	Masfjorden kommune/fylkeskommunen	
Kulturminne i klasse A med dårleg stand bør prioriterast for å begrense forfall.	Kontinuerleg	Masfjorden kommune/fylkeskommunen	
Kulturminner kommunen har tatt vare på tidlegare skal prioriterast slik at dei ikkje forfell.	Kontinuerleg	Masfjorden kommune	Budsjett/prosess
Klasse A bør få omsynssone i kommuneplanens arealdel.	Ved rullering av kommuneplan	Masfjorden kommune	
Automatisk freda kulturminne skal ha omsynssoner i planar.	Ved rullering av kommuneplan	Masfjorden kommune	
Følgje opp kulturminneplanen i ettertid – oppdatere.	Kontinuerleg/årleg	Masfjorden kommune	

Kjelder og litteratur:

- Vestlandets historie. (2006). Red.: Knut Helle, Ottar Grepstad, Arnvid Lillehammer og Anna Elisa Tryti
- Fjon frå Fjell Til Fjord. Gamalt og nytt frå Masfjorden
- Nordhordland 1814-2014 (2014), Red.: Knut Langeland
- Kvamsdals farger (2002), Rolf Kvamsdal
- Masfjordboka 2. utgåve 1978
- For egen kraft. Lars Thue (2003)
- Havrátunet – Rapport J.B. Jordal nr. 2-2016
- Kulturhistorisk vegbok: Hordaland. Brekke, N. G., Nord. S. & Skaar, R. B. (1993)
- Kulturminne i Masfjorden: Registrering av faste kulturminne registreringsrapport Nr.7. Bore., O. M. (1979).
- Strilesoga frå 1800 til 1914: Nord- og Midhordland gjennom tidene. Johansen, K., E. & Døssland, A. (1999)
- Askeladden